



MVA-rapport 6/2009

## **Forvaltingsplan for Rimbareidtjørna naturreservat:** Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingstiltak





# Forvaltingsplan

for

## Rimbareidtjørna naturreservat

Miljøvernavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland

2009

*Foto framside:*

Gule nøkkeroser og storvegetasjon i Rimbareidtjørna. I bakgrunnen ser ein omkringliggjande gardsbruk som grensar til reservatet. Bilete er tatt 8. juli 2009. Foto: Magnus Johan Steinsvåg



<b>Ansvarleg institusjon:</b>	<b>Rapport nr:</b>
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga	MVA-rapport 6-2009
<b>Tittel:</b>	<b>ISBN:</b>
Forvaltingsplan for Rimbareidtjørna naturreservat: Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingstiltak	978-82-8060-069-1
<b>Forfattar:</b>	<b>Dato:</b>
Magnus Johan Steinsvåg	17.08.2009
<b>Samandrag:</b>	
<p>Rimbareidtjørna naturreservat vart verna i 1995 for å ta vare på eit sær produktivt trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl som ligg i trekkruta langs kysten. Det er Fylkesmannen i Hordaland som har forvaltingsansvaret for reservatet. Totalt 88 fuglearter er observert i reservatet og 21 av desse er raudlista.</p> <p>Det største trugsmålet mot verneverdiane i reservatet i dag og på sikt er attgroing. Senking av tjørna ei tid før vernet og kontinuerleg avrenning av næringssalt frå omkringliggjande jordbruksareal har ført til ei auke i attgroinga. Dette har m.a. ført til at sjølve vassoverflata har blitt mindre.</p> <p>Spreiing av framande treslag (ulike slag grantre) utgjer ei anna utfordring i reservatet. Desse trugsmåla kan endre tilhøva slik at området ikkje oppfyller dei krava våtmarksfugl set til leveområda sine. Forvaltingsplanen presenterer ulike tiltak for m.a. å auke vasspegelen og stabilisere vasstanden. Dette er den første forvaltingsplanen med det nye konseptet omkring <i>naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingsmål</i> som er laga for område som er verna etter naturvernlova i Hordaland. Naturkvalitetane består av sjølve våtmarksbiotopen og fugleartane som har tilhald i denne typen livsmiljø. Det er utarbeida <i>bevaringsmål</i> for å sikra reservatet som viktig funksjonsområde for våtmarksfugl og 15 fuglearter knytt til denne typen livsmiljø er prioritert for vidare overvakning.</p> <p>Forvaltingsplanen legg opp til eit samarbeid mellom grunneigarar, lokale styresmakter og fylkesmannen. Naturkvalitetane i Rimbareidtjørna skal synleggjera og bli betre tilgjengeleg for oppleveling for ålmenta m.a. gjennom informasjonstavle, oppføring av fugletårn og nettstad. Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør rullerast innan 10 år.</p>	
<b>Referanse:</b>	
Steinsvåg, M.J. 2009. Forvaltingsplan for Rimbareidtjørna naturreservat: Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingstiltak – Fylkesmannen i Hordaland, Mva-rapport 6/2009.	
<b>Emneord:</b>	
Naturvern, naturkvalitet, bevaringsmål, forvaltingsmål, naturforvalting, biologisk mangfald, fugl, raudliste, landbruk	
Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernnavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55572200, Faks: 55 57 22 01 <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://hordaland.miljostatus.no">http://hordaland.miljostatus.no</a>	



# Forord

Rimbareidtjørna naturreservat vart oppretta ved Kongeleg resolusjon i 1995, som eitt av 21 verneområde i Verneplan for våtmark i Hordaland. Det er eitt av våre minste våtmarksreservat, like fullt er det området med dei største utfordringane. Dette har samanheng med at attgroingsprosessane her går langt raskare enn mange andre stader, som ein følge av tidlegare senkingar av vassnivået og tilførsle av organisk materiale frå det omkringliggjande jordbruket.

Attgroinga gjer at fuglelivet, som er det viktige elementet i verneføremålet her, endrar seg over tid, og vil endre seg vesentleg meir i framtida dersom ein ikkje går inn med aktive skjøtselstiltak. Såleis er tronden for ein målrettad forvaltingsplan spesielt stor ved Rimbareidtjørna, og dette er det første våtmarksreservatet i Hordaland som får slik forvaltingsplan. Det er også den aller første forvaltingsplanen for eit naturvernområde i Hordaland der vi tar i bruk konseptet omkring bevaringsmål, naturkvalitetar og forvaltingsmål. For Rimbareidtjørna har vi m.a. definert bevaringsmål for våtmarksbiotopen og dei viktigaste fugleartane i naturreservatet. Dette vil gi oss betre presisjon i overvaking og forvalting av verneverdiane i ára som kjem.

Arbeidet med Rimbareidtjørna naturreservat vert dessutan unikt ved dei noko utradisjonelle tiltaka som er skissert i planen. Her ønskjer vi å gjere eit forsøk på å fjerne flytetorv og massar ute i tjernet. Går alt etter planen vil vi sikre ei større vassoverflate og redusere flaumperiodane, til fordel for våtmarksfugl og tilgrensande jordbrukseigedomar. Med desse tiltaka vil vi byggje kompetanse saman med andre fylkesmenn og statens naturoppsyn som står overfor liknande utfordringar i forvalting av deira naturvernområde.

Det vert soleis ei satsing frå fylkesmannen si side for å sikre verneverdiane i Rimbareidtjørna. Og dette bør sjåast på som eit signal på dei biologiske kvalitetane vi finn her, og som vi ønskjer å gjera meir synlege for ålmenta i Fitjar. Vi vonar planen vert både oppklarande og informativ for alle parter og interesserte.

Planen er utarbeidd av Magnus Johan Steinsvåg ved fylkesmannens kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Bergen, 17. august 2009



Svein Alsaker  
Fylkesmann



Terje Aasen  
Fylkesmiljøvernsjef



# Innhald

<b>FORORD .....</b>	<b>7</b>
<b>INNHOLD.....</b>	<b>9</b>
<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>11</b>
KVIFOR VERN? .....	11
VERN AV VÄTMARK I HORDALAND .....	11
PLANPROSESS FOR FORVALTINGSPLANEN .....	11
<b>2. SKILDRING OG STATUS .....</b>	<b>12</b>
LOKALISERING OG OMKRINGLIGGJANDE AREAL .....	12
NATURTILSTAND OG INNGREPSSSTATUS .....	12
EIGEDOMSTILHØVE .....	12
FLORA .....	13
FUGLELIVET .....	14
ANNA ARTSMANGFALD .....	18
<b>3. UTFORDRINGAR OG BRUKARINTERESSER .....</b>	<b>19</b>
ATTGROING OG REDUSERT OPEN VASSFLATE.....	19
SPREIING AV FRAMANDE ARTAR .....	20
HØVE FOR OPPTAK AV VATN TIL BRUK I JORDBRUKET .....	22
VASSOPPSAMLING I TILGRENSANDE JORDBRUKSOMRÅDE .....	23
ENDRINGAR I VASSTAND.....	23
FORUREINING OG FORSØPLING .....	24
FYLLING AV STEIN I STRANDSONA .....	25
<b>4. MÅL FOR RIMBAREIDTJØRNA NATURRESERVAT .....</b>	<b>26</b>
NATURKVALITETAR .....	27
BEVARINGSMÅL .....	27
FORVALTINGSMÅL .....	27
<b>5. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK .....</b>	<b>28</b>
TILTAK MOT ATTGROING OG PERIODEVIS HØG VASSTAND .....	28
TILSYN I VERNEOMråDET .....	30
GRENSEMERKING .....	30
OVERVAKING AV FUGLEBESTANDEN.....	30
INFORMASJON OG TILRETTELEGGING .....	32
<b>6. SAKSHANDSAMING .....</b>	<b>33</b>
VERNEREGLAR OG SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ VERNEFORSKRIFTA .....	33
TILHØVE TIL ANDRE LOVAR .....	33
<b>7. LITTERATUR .....</b>	<b>34</b>
<b>8. VEDLEGG.....</b>	<b>35</b>



# 1. Innleiing

## Bakgrunn for planarbeidet

Rimbareidtjørna vart verna i 1995 for å ta vare på eit sær produktivt trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl. 88 ulike fuglearter er registrert her og mange av desse er sjeldsynte og sårbare. Endringar i form av attgroing av sjølve Rimbareidtjørna og sumpmarka omkring vil på sikt minske området sin verdi for våtmarksfugl og dermed også underminere føremålet med vernet. Dette er hovudårsaka til at fylkesmannen har utarbeida denne forvaltingsplanen for Rimbareidtjørna naturreservat. Vi ønskjer å sikra verneverdiane for framtida.

Ein forvaltingsplan vert utarbeida med utgangspunkt i dei rammene som allereie er fastslegne i verneforskrifta. Ein forvaltingsplan skal presentere mål og tiltak og skal på den måten redusere "tilfeldige" enkeltavgjersler. Sjølve prosessen omkring planarbeidet er også viktig ved at grunneigarane vert trekt inn til ein god dialog om mål og tiltak. Planen vil i ettertid vera eit godt hjelpemiddel til grunneigarar m.fl. ved at ein i større grad kan få presisert og synleggjort brukarinteresser og kva som er tillate av aktivitetar/bruk innafor verneområdet.

## Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur (Direktoratet for naturforvaltning 2001). Rimbareidtjørna naturreservat er eit lite område i areal, men representerar likevel ein viktig kvilestad for fleire sårbare og trua fuglearter. Området har stor opplevingsverdi for ålmenta, og denne kan utviklast vidare.

For å sikra område som er særlige viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfoldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskeleg

aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Ivertaking av naturverdiar gjennom Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkingsfaktorar. Å verna område som Rimbareidtjørna etter Naturvernlova gjev eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikra arealet som ved vernetidspunktet.

## Vern av våtmark i Hordaland

På oppmading frå Miljøverndepartementet utarbeidde Fylkesmannen i Hordaland utkast til verneplan for våtmark i fylket i 1991. Det første grunnlaget for dette planutkastet vart lagt allereie i 1975 med registreringar i felt (Fylkesmannen i Hordaland 1991). Heile 447 ulike våtmarksområde vart undersøkt og vurderte i dette arbeidet. Av desse vart 22 område verna. Fitjar kommune har to av desse våtmarksreservata: Rimbareidtjørna og Vestbøstadttjørna. Kvalitetane ved Rimbareidtjørna har vore kjende sidan 1978.

## Planprosess

Brev med melding om oppstart av planarbeid vart sendt ut til alle grunneigarar, kommunen, aktuelle lag og organisasjonar den 28. april 2008. Her vart ein også invitert til informasjonsmøte om planarbeidet.

På dette møtet vart bakgrunn for vernet og forvaltingsplanen presentert. Frammøtte vart oppmoda om å kome med innspel og synspunkt.

I løpet av sommaren 2008 har prosjektansvarleg frå fylkesmannen hatt fleire synfaringar i reservatet med grunneigarar og det lokale landbrukskontoret (Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor). På synfaringa (14. juli 2008) viste grunneigarane fram ulike stader og tema som dei ser på som utfordringar i området. Det er med m.a. bakgrunn i desse innspela at dei mest aktuelle utfordringane for dei tilgrensande grunneigarane er skildra.

Utkast til forvaltingsplanen vart sendt på høyring 4. juni 2009 med frist for å kome med innspel 10. august. Det er eit mål å revidere denne forvaltingsplanen innan ein tiårsperiode.

## 2. Skildring og status

### Lokalisering og omkringliggjande areal

Rimbareidtjørna naturreservat ligg 40,5 moh. om lag 1 km søraust for Fitjar sentrum på øya Stord i Hordaland. Totalarealet for reservatet er på 89,3 daa, og 52 daa av dette utgjer landareal. Reservatet ligg midt i eit viktig jordbruksområde. I aust ligg riksveg 545. Heilt i sør grensar reservatet til ein traktorveg og eit beite, i vest og nord til dyrka mark. Areala omkring er i Fitjar kommune sin kommuneplan klassifisert som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område).

### Naturtilstand og inngrepsstatus

Nedbørsfeltet er lite og areala her består i stor grad av dyrka mark og beite. Sjølve Rimbareidtjørna består i dag av to skilte område med ein smal vasspassasje gjennom. Hovudtjørna ligg i vest og er berre mellom 0,5 og 3 m djup. Den austre delen er jamt rundt 0,5 m djup. Store delar av tjørna er oversvømt mark.

Sikta i vatnet var 0,8 m og vatnet var brunt under synfaring 8. juli 2008 (Kålås og Johnsen 2009).

Berggrunnen er i hovudsak av granitt som forvitrar sakte og gjev lite grunnlag for næring til plantene. Men planteproduksjonen i tjørna er stor som fylgle av avrenning frå jordbruket omkring, og tjørna vert klassifisert som vegetasjonsrik. Innafor reservatet i sør ligg ei større fukteng, og i aust mot riksvegen mindre skogareal. Skogen her består i hovudsak av tilplanta gran *Picea spp.* (edelgran, sitkagran og vanleg gran) og furu *Pinus silvestris*. Det er berre eitt utløp i Rimbareidtjørna og det er Tjørnsendebekken som renn ut i sør. Utanom dreneringsgrøfter som er grave i tilknyting til jordbruksdrift, er det berre ein innløpsbekk. Den renn ned i Rimbareidtjørna gjennom skogområdet i austre kant. Fitjar kommune har før vernetidspunktet fylt ut massar mellom riksvegen og sjølve tjørna. Denne staden vert ofte nytta som parkeringsplass i dag. Rimbareidtjørna har blitt senka ved fleire høve før vernetidspunktet, dette har også ført til auka attgroing i tjørna.



Den geografiske lokaliseringa til Rimbareidtjørna langs kysten gjer at området er særleg aktuelt som rastepllass for trekkande våtmarksfuglar. Biletet viser at Rimbareidtjørna naturreservat ligg midt i jordbrukslandskapet i Fitjar kommune (i nedre biletkant). Foto: Jan Rabben

## Eigedomstilhøve

Det er totalt 14 grunneigarar i Rimbareidtjørna naturreservat. Av desse inngår også Fitjar kommune. Grunneigarane fekk erstatning vurdert ut i frå dei restriksjonane vernet gav på framtidig bruk av området. Sjølve tjørna og kringliggjande sumpmarka er eit sameie eigd av alle grunneigarane i fellesskap. I resten av reservatet er det dei respektive grunneigarane som eig kvar sin teig.

## Flora

Den grundigaste botaniske kartlegginga vart gjort i 1992 (Odland 1992). Det vart då ikkje registrert noko særleg sjeldne arter eller vegetasjonstypar i området, men den rike variasjonen av planter i reservatet gjev saman med det rike insektlivet grunnlag for eit stort mangfald av fugl i området.

I Rimbareidtjørna og kulturmarka omkring, finst det graseng med strandrøyrs *Phalaris arundinacea*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, sverdlilje *Iris pseudacorus* og mannasøtgras *Glyceria fluitans*. Vier i form av svartvier *Salix nigricans*, øyrevier *Salix aurita* og selje *Salix caprea* finn ein spreidd i store delar av reservatet.


Fuktenga sør i reservatet består av flaskestorr *Carex rostrata*, myrhatt *Potentilla palustris*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, myrmjølke

*Eqilobium palustre*, myrmaure *Galium palustre*, bukkeblom *Caltha palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata* og krypkvein *Agrostis stolonifera*. I aust finn vi større myrflater og sig med mykje kvitmyrak *Rhynchospora alba*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, krysiv *Juncus bubosus* var. *fluitans*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia* og tvebostar *Carex diaica* (Odland 1992).

Dei fleste stadane i vasskanten ligg det flytematter som er dominert av elvesnelle *Equisetum fluviatile*, myrhatt *Potentilla palustris*, flaskestorr *Carex rostrata*, krypkvein *Agrostis stolonifera* og bukkeblad *Menyanthes trifoliata*.

Sjølve vassflata er fleire stader dekka av flytebladsvegetasjon. Her dominarar som regel tjønnaks *Potamogeton natans*, gul nykkerose *Nuphar utea* og kvit nykkerose (*Nymphaea alba*). Blærerot finn vi på grunt vatr, særleg i aust (Odland 1992).

Fylkesmannen har i samband med arbeidet med forvaltingsplanen sommaren 2008 vurdert den floristiske tilstanden i reservatet opp mot registreringane som har blitt gjort tidlegare. Det er lite som har endra seg anna enn at skogkanten er i ferd med å kome lengre ut på myra. Mindre furutre og bjørketre er også i ferd med å etablira seg spreidd ute på torvmattene i austre kant av sumpmarka.



Utsiktspunkt frå sørrenden og inn i reservatet. Svakt lilla farge er vanleg engkarse. Elles ser vi vierkraft i forgrunnen og langs Tjørnsendebekken oppe til høgre. Det som er att av open vassoverflate ser vi også litt til. Bilete er tatt 9. mai 2008. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



**Figur 1.** Flyfoto tatt 7. august 2005. Fotoet vert nytta som referansepunkt ved tema areal open vassflate. Gul linje viser vernegrensa for Rimbareidtjørna naturreservat. Røde liner viser egedomsgrenser. Svarte tal viser bruksnummer.

## Fuglelivet

Næringsstilførsle frå jordbruket omkring har gitt høg biologisk produksjon og har gjort Rimbareidtjørna til ei næringsrik tjørn. Det er denne produksjonen i vatnet som har gitt eit rikt insektsliv og stor artsrikdom generelt, som igjen har gitt god mattilgang for fugl.

I motsetnad til mange andre viktige våtmarker for fugl, finn vi ikkje takrøyri i Rimbareidtjørna, men store torvmatter, vierkatt og annan rik kantvegetasjon gjev fuglane både mattilgang og høve for skjul. Ut over dette er det i hovudsak storleiken på Rimbareidtjørna som set grenser for kor mange individ av kvar art som til ei kvar tid har tilhald her. Vi finn mange "artsgrupper", og faktisk dei mest typiske fugleartane for våtmarksområde på denne delen av Vestlandet, men ikkje mange individ av kvar art. Reservatet har sin viktigaste funksjon som område for næringssøk, både i hekketida og resten av året. Totalt er 88 fugleartar observert i Rimbareidtjørna (sjå vedlegg for artsliste).

### Raste - og overvintringsområde

Rimbareidtjørna ligg langt ut mot kysten, som gjer at tjørna ligg sentralt i leia for trekkfuglar vår og haust. Særleg trekkande andefuglar går ned her for å raste. Også artar som ikkje nødvendigvis trekk ut av landet, men som søker mildare vintrar på Sørvestlandet nyttar Rimbareidtjørna som raste- og overvintringsområde. Det gjeld m.a. dukkender (bergand *Aythya marila*, kvinand *Bucephala clangula* m.fl.) og songsvaner *Cygnus cygnus* som m.a. hekkar lenger aust og nord i Skandinavia.

Andefuglane er tilpassa å finne føde i vatn, og er meir eller mindre avhengige av ope vatn. Dei er relativt klossete på land, men med m.a. godt utvikla symjeføter er dei mobile og kan lett flytta på seg på jakt etter næring i og på vatn. Ein viktig kvalitet Rimbareidtjørna har som fugleområde er derfor den opne vassoverflata. Dette gjeld både for grasendene (som ikkje kan dukke) og dukkendene (som finn næring ved å dukke).

Totalt er det registrert 14 ulike andefuglar i Rimbareidtjørna (sjå artsliste i vedlegg 2), 6 av desse opptrer så og seie årleg. Dei vanlegaste artane utanom hekketida er toppand *Aythya fuligula*, stokkand *Anas platyrhynchos* og krikkand *Anas crecca*. Flokkar på mellom 5 og 30 songsvaner overvintrar kvart år.

Rimbareidtjørna har også funksjon som viktig vinterområde for vassrikse *Rallus aquaticus*. Sivhøna *Gallinula chloropus* kan truleg også observerast om vinteren, sjølv om ingen konkrete observasjonar er rapportert av arten til denne årstida. Av spordefuglane som er knytt til våtmark er både sivsongaren *Acrocephalus schoenobaenus* og sivsporven *Emberiza schoeniclus* trekkfuglar. Ut over dette er det sannsynleg at vadefuglane rugde *Scolopax rusticola* og enkeltbekkasin *Gallinago gallinago* overvintrar i Rimbareidtjørna.

### Hekkeområde

Tilgang på ulik føde og gode skjulestader er viktig for ei vellykka hekking. Av spordefuglar knytt til våtmark er nok sivsongaren den mest vanlege. Basert på tal syngande individ hekkar truleg mellom 3 og 5 par i reservatet. Syngande grashoppesongar *Locustella naevia* har blitt jamleg registrert dei siste åra, og det er ikkje usannsynleg at den har hekka her. Den har ei spreidd og flekkvis utbreiing i Sør-Noreg med eit kjerneområde på Jæren. Sivsporven trivst i våtmark med rik kantvegetasjon, og truleg hekkar 2-3 par i Rimbareidtjørna.

Av dei 14 andefuglane som er observerte i reservatet er stokkand og krikkand registrerte som hekkfuglar. Dei mest sårbare og sjeldne artane som er observerte er vassrikse, myrrikse *Porzana porzana*, åkerrikse *Crex crex* og sivhøne. Særleg vassriksa har nærmast årleg blitt registrert, langt på veg eit resultat av nye og effektive registreringsmetodar. Sjølv om vinteren er den territoriell og kjem gjerne fram om den trur det er ein rival i nærliken om ein spelar "fuglelåten" til vassriksa. Den er nok uansett vanlegast vinterstid ettersom ein del individ vel å overvintrie på Sørvestlandet framfor å trekke ut av landet. Overvintrande individ på Sørvestlandet kan gjerne kome frå aust: t.d. Finland, Baltikum og Russland (Svorkmo-Lundberg m.fl 2006). Myrriksa er ikkje registrert så ofte som vassriksa, men to individ (hannar) vart m.a. hørt ropande i slutten av mai i 2005. På grunn av eit særslig anonymt levevis der fuglane stort sett held seg skjult i kantvegetasjonen, er det mogleg at både vassriksa og myrriksa har hekka her. Vassriksa, myrriksa og sivhøna set stor pris på næringssrik våtmark kor myr, sump og rik vegetasjon inngår.

Åkerriksa derimot er knytt til frodig kulturmark, men også eng og stormark langs ferskvatn. I Rimbareidtjørna naturreservat vart den sist hørt syngande i månadsskiftet mai - juni i 2004. Sivhøna har nærmast blitt observert årleg dei siste åra, og allereie før vernet vart den

registert som mogleg hekkefugl. Første hekking vart stadfesta i 2008. Det viser kor vanskeleg det kan vere å få oversikt over hekkestatus til desse vare fuglane.

Første hekkefunn av dvergdykkar *Tachybaptus ruficollis* i Hordaland vart gjort i Rimbareidtjørna i 1998. I 1999 vart eit individ observert då den samla reirmateriale, men hekking vart ikkje stadfesta med sikkerheit (Falkenberg 2000).

Av vadefuglar er artar som storspove *Numenius arquata*, vipe *Vanellus vanellus*, enkeltbekkasin, rugde *Scopopax rusticola* og raudstilk *Tringa totanus* vanlege å sjå, og fleire av desse hekkar fast innanfor reservatet. Storspove og vipe hekkar fast i kulturlandskapet i nærområda.

Rimbareidtjørna vart verna med bakgrunn i fugleførekommstar som vart registrert i området frå 1978 og fram til 1990-talet. Desse registreringane er gjengjeve som artsliste i vedlegg 2. Det er ingen vesentlege skilnader i samansetnad av fugleartar fram til 2008. Vi har dei same artsgruppene, og eventuelle endringar er som regel spegla i generelle


bestandsendringar av dei aktuelle artane på Vestlandet.

### Sårbare og trua fugleartar i Rimbareidtjørna

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken, sist revidert 2006 (Kålås m.fl. 2006). Artane er klassifisert ut i frå kor trua og sårbare dei er i høve til utrydding. Som tabellen på neste side viser er det mange sjeldne artar som held til i Rimbareidtjørna. Førekost av så mange og så ulike raudlisteartar er med å synleggjere dei kvalitetane som er i Rimbareidtjørna.

Alle artsliste for einskildområde har manglar, og kontinuerlig oppdatering er sterkt ønskje. Rimbareidtjørna er ikkje noko unntak.

Sjå eller registrer eigne fugleobservasjonar frå Rimbareidtjørna på nettstaden [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)



Syngande sivspor i Rimbareidtjørna naturreservat. Sivsporen er ingen sjeldan art i Noreg men sjølv vanlege artar set krav til habitatet (leveområdet) sitt. Sivsporen er ein våtmarksfugl og set derfor stor pris på fuktige område med rik vegetasjon, helst knytt til ferskvatn. Mat finn den i form av insekt eller frø i våtmarka. På øya Stord er den berre stadfesta som hekkefugl på 4 ulike mindre lokalitetar. Sikrast førekost har vi i Vestbøstadtfjørna og Rimbareidtjørna. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Vassrikse fotografert i Vestbøstadttjørna naturreservat, men biletet kunne like gjerne ha vore frå Rimbareidtjørna. Arten er raudlista som "sårbar". Den er sannsynleg hekkefugl i Rimbareidtjørna naturreservat. Det største trugsmålet mot vassriksa i dag er tap av leveområde ved nedbygging av våtmark. Foto: Jan Rabben.

**Tabell 1.** Raudlista fugleartar som er observert i Rimbareidtjørna naturreservat (raudlistestatus 2006).

Art	Raudlistestatus	Førekomst i Rimbareidtjørna Naturreservat
Åkerrikse <i>Crex crex</i>	Kritisk trua (CR)	Mogleg hekkefugl
Myrrikse <i>Porzana porzana</i>	Sterkt trua (EN)	Mogleg hekkefugl
Vassrikse <i>Rallus aquaticus</i>	Sårbar (VU)	Mogleg hekkefugl
Bergand <i>Aythya marila</i>	Sårbar (VU)	Sjeldan rastande vinterstid. Hekkar i fjellheimen
Hønsehauk <i>Accipiter gentilis</i>	Sårbar (VU)	Jaktande. Fleire ribbeplassar registrert i reservatet
Grashoppesongar <i>Locustella naevia</i>	Sårbar (VU)	Syngande individ. Mogleg hekkefugl
Dvergdykkar <i>Tachybaptus ruficollis</i>	Nær trua (NT)	Sjeldan hekkefugl. Første hekkefunn i Hordaland i 1998
Songsvane <i>Cygnus cygnus</i>	Nær trua (NT)	Vanleg overvintrande
Sivhøne <i>Gallinula chloropus</i>	Nær trua (NT)	Hekkefugl. 1 par stadfesta hekka i 2008
Storspove <i>Numenius arquata</i>	Nær trua (NT)	Mogleg hekkefugl
Vipe <i>Vanellus vanellus</i>	Nær trua (NT)	Fåtalig hekkefugl
Steinskyttet <i>Oenanthe oenanthe</i>	Nær trua (NT)	Mogleg fåtalig hekkefugl
Brushane <i>Philomachus pugnax</i>	DD (Data manglar)	Sjeldan rastande

## Anna artsmangfald

Tilstand til dei omkring liggjande areala er også viktig for kva artsmangfald ein finn innanfor reservatgrensene. Sjølv om mykje av jordbruksområda er relativt intensivt drive, er det også parti med meir moderat drift og mindre bruk av gjødsel. Åsen like sørvest for reservatet er nettopp av denne typen, og vart kartlagt som naturbeitemark ved naturtypekartlegginga i Stord og Fitjar (Moe og Fadnes 2008). Desse biotopane er, saman med kantonene, ein viktig del av kulturlandskapet i Fitjar, og utfyller dei miljøkvalitetane ein finn i både Rimbareidtjørna og Vestbøstadtfjørna. Denne mosaikken av ulike levestader gjev eit rikt artsmangfald.

**Flaggermus.** Medlemmer av Norsk Zoologisk Forening gjennomførte i 1999 kartlegging av flaggermus i Hordaland. Arbeidet vart gjort med ultralyddetektor som fangar opp flaggermusa sine signal. I Fitjar fann dei 3 artar. Både nordflaggermus *Eptesicus nilssonii* og dvergflaggermus *Pipistrellus pygmaeus* vart registrert ved Vestbøstad. Ved Gloppevatnet vart også vassflaggermus *Myotis daubentonii* registrert. Det er veldig mogleg at alle desse tre artane også nyttar Rimbareidtjørna som næringsområde, m.a. fordi våtmarka har rik tilgang på insekt som er viktige byttedyr for desse flaggermusartane.


**Hjorten** *Cervus elaphus* har trekkveg som kryssar riksvegen litt sør for parkeringsplassen. Herifrå går trekket vidare mot Vestbøstad. Skogteigen i reservatet gjev til ein viss grad skjul for hjorten her.

**Fisk.** Det er både aure *Salmon trutta* og ål *Anguilla anguilla* i Rimbareidtjørna. Då ein la store delar av Tjørnsendebekken i røyr (ca 250

meter) mellom Rimbareidtjørna og riksvegen, fekk ein nok også redusert mogleg gyteområde for sjøaure i Storavatnet (Atle Kambestad pers. medd.). Truleg utgjer dette i dag eit vandringshinder for aure, noko som gjer at auren i Rimbareidtjørna i realiteten er ein isolert populasjon. Auren er fleksibel, og den finn truleg høve for gyting både i attverande areal i utløpsbekken og innløpsbekken. Under Rådgivende biologer si synfaring 8. juli 2009 fann ein også ein god bestand av trepigga stingsild *Gasterosteus aculeatus*.

**Amfibiar.** Både padde og frosk er relativt vanlege på Stordøya. Også krypdyra stålorm *Anguis fragilis* og hoggorm *Vipera berus* er vanlege i Fitjar og finst truleg fåtalig innanfor reservatet.

**Evertebratar (insekt).** I løpet av sommaren 2009 har Rådgivende biologer og Lita Greve Jensen kartlagt evertebrafaunaen i Rimbareidtjørna, og dei samla resultata vil verta ferdigstilte ein gong før jul 2009. Frå tidlegare synfaringar har fylkesmannen registrert ulike insektartar. Av sommarfuglar er aurorasommerfugl *Anthocharis cardamines*, brunflekka perlemor-vinge *Boloria selene*, liten gullvinge *Lycaena phlaeas*, rappringvinge *Maniola jurtina*, neslesommarfugl *Nymphalis urticae* og rapssommerfugl *Pieris napi* observerte. Fleire augestikkjarar *Odonata* er også registrert, og firflekklibellen *Libellula quadrimaculata* er vanleg å sjå. Andre er raudbrun haustlibelle *Sympetrum striolatum*, og kystvassnymfe *Ischnura elegans*. Rimbareidtjørna er truleg også rik på artar innanfor biller (*Coleoptera*) (t.d. vasskalvar *Dytiscidae*) og tovenger *Diptera* (mygg og fluger).



Sommarfuglen brunflekka perlemorvinge (t.v.) og raudbrun haustlibelle begge fotografert i Rimbareidtjørna naturreservat sommaren 2009. Sjølv om Rimbareidtjørna først og fremst er verna for å ta vare på fuglelivet, sikrar områdevernet også leveområda for anna biomangfald. Augestikkjarar er predatorar (rovdyr) og trives særleg godt i rike våtmarker kor det er bra tilgang på insekt. Byttedyr som knott og mygg er det mykje av i Rimbareidtjørna naturreservat. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

# 3. Utfordringar og brukarinteresser

Ei viktig årsak til at Fylkesmannen har utarbeidd denne forvaltingsplanen er attgroinga i Rimbareidtjørna. Attgroing er naturleg, men prosessen vert her sterkt påskynda av avrenning av næringssalt frå jordbruksområda omkring. Denne prosessen vil på lang sikt kunne endre området sin karakter i vesentleg grad, med færre tilhøyrande våtmarksfuglar enn i dag. Då vil føremålet med vernet og den faktiske tilstanden i reservatet ikkje harmonere fullgoda med kvarandre. I takt med attgroinga i tjernet har enkelte av dei tilgrensande grunneigarane opplevd meir forsumping av dyrka mark og utfordingar knytt til tette dreneringsgrøfter. Det er desse tema som til no har vore dei største utfordingane ved forvalting av Rimbareidtjørna naturreservat.

## Attgroing og redusert open vassflate

### Status

Danning av torvmatter i tjernet er ein del av suksesjonen og gjer at meir buskvegetasjon vert etablert. Buskar av både bjørk og furu spreiar seg naturleg og er i ferd med å etablera seg på torvbankar midt i reservatet. Som fylgje av attgroinga kan vi ut i frå flyfoto (figur 1), sjå at Rimbareidtjørna er meir eller mindre delt inn i to basseng, eit hovudbasseng i vest og eit mindre basseng i aust. Det minste bassenget er nesten heilt dekka av flytetorv. Den største innløpsbekken til Rimbareidtjørna renn ut i

dette minste bassenget. Den einaste utløpsbekken (Tjørnsendebekken), renn også ut frå sørrenden av dette minste bassenget. Den generelle attgroinga av vasspegele mellom desse to bassenga reduserar sirkulasjonen og omrøring i tjernet og på den måten er med å forsterke attgroinga ytterlegare.

Basert på flyfoto teke i 7. august 2005 (figur 1) vert den opne vassflata i hovudbassenget målt til om lag 10,4 daa. Vassflata i det minste bassenget vert målt til om lag 4,0 daa. Den totale vassflata vert dermed på om lag 15 daa i 2005. (Vurdering av areal ut i frå flyfoto er i stor grad skjønnsmessig. Ein må ta høgde for usikkerheit med tanke på tidspunkt for fotografering og eventuelle nedbørsperiodar dagane før). Norsk Institutt for Skog og landskap har basert på markslagskart estimert markslagtema "vatn" til å utgjera 18 daa eller 20,8% av det totale arealet i reservatet (Bjørdal 2007).

Attgroinga gjer også at artsinventaret og vegetasjonen endrar seg i takt med utviklinga. I tillegg til ein kraftig reduksjon av open vassoverflate, vil truleg delar av våtmarka omkring på lengre sikt bestå av skog dersom suksesjonen får utvikla seg uhindra. Vi ser det likevel som sannsynleg at den naturlege forynginga av bjørk og furu stadvis vil verta avgrensa som fylgje av grunnvasstanden.



**Figur 2.** Etablering av bjørk og furu på myr i austre kant av reservatet (10.09.2008). Det er sannsynleg at m.a. grunnvasstand vil avgrense kor både bjørk og furu får fotfeste på myra, men denne utviklinga skal uansett overvakast og tiltak vurderast forløpende. Ved lite vatn sommartid aukar attgroing i Tjørnsendebekken (t.v.). Torvbankar i innløpet til bekken, saman med anna vegetasjon gjer at slukeevna bekken har til å ta i mot vatn ved store nedbørmengder er redusert (09.05.2008). Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Meir skog og mindre vassflate vil redusere Rimbareidtjørna sin verdi for våtmarksfuglar. Attgroinga kan såleis truga formålet med vernet på sikt. Vassflata bør aukast, og etablering av skog i våtmarka overvakast og eventuelle tiltak (fjerning) vurderast fortløpande.

#### Mål

Attgroinga skal ikkje kome så langt at det reduserer Rimbareidtjørna sin funksjon for våtmarksfugl. Den opne vassflata skal ikkje reduserast meir enn 20 % (3 daa) i høve til flyfoto tatt 7. august 2005 (figur 1).

#### Lovheimel

Kap VII i verneforskrifta seier at "forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredinga. Det kan utarbeidast forvaltingsplan som skal innehalde retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka". Ei auka attgroing av tjernet og våtmarka omkring vil verke inn på tilhøva for våtmarksfugl og dermed føremålet med områdefredinga. Tiltak for å sikre verneverdiane er i tråd med forvaltinga av verneområdet etter kap VII.

#### Retningsliner

Aktuelle tiltak vert gjort med utgangspunkt i verneforskrifta, nasjonale retningslinjer og handbok om "områdevern og forvaltning" (Direktoratet for naturforvaltning 2008).

#### Tiltak

- Gjennomføre fysiske tiltak i form av fjerning av massar for å auka vassoverflata og auka sirkulasjonen i tjernet.
- Vurdere å avgrensa attgroinga ved å stadvise ta ut gran, furu, bjørk m.m. som er i ferd med å etablera seg i våtmarka.
- Ha eit medvite forhold til bruk av gjødsel i nedbørsfeltet til Rimbareidtjørna.
- Overvaking av utviklinga i areal av "open vassflate" og måle dette arealet frå flyfoto seinare.

## Spreiing av framande artar

#### Status

Framande artar vert globalt sett på som det nest største trugsmålet mot biomangfold etter arealinngrep (framande artar vert i denne samanhengen definert som artar som er klassifisert som dette i databasen til Artsdatabanken [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)). Når framande artar etablerar seg i naturen kan det føre til reduksjon av den stadbundne variasjonen av artar. Heimehøyrande artar kan verte fortrengt gjennom konkurranse og predasjon. I Rimbareidtjørna naturreservat er det i hovudsak spreiing av tilplanta gran som kan gje størst verknader ved å utkonkurrere annan vegetasjon og endra naturtilhøva til andre artar. Ei ukontrollert spreiing av edelgran og sitkagran vil på sikt redusera reservatet sin funksjon for våtmarksfugl. Det kan skje ved at skogen vert endå tettare og mindre oversiktleg langs tjørna. I enkelte høve kan trea også etablira seg i sjølve våtmarka.

Det er registrert fleire framande artar innafor vernegrensene. Fleire individ av hagebusken *Spirea spp.* veks rett nedanfor parkeringsplassen ved riksvegen, og den er også blitt observert på myra i austre del av reservatet. Den eksakte arten er førebels uviss. Den trivst i sumpområde og kan lett spreie seg vidare i reservatet og andre område og utkonkurrere andre heimehøyrande artar. Den kan på sikt verta dominerande. *Spirea* kan vere positivt for enkelte våtmarksfuglar, men dette vert underordna ettersom den er ein framand art.

Ulovleg dumping av hageavfall ved denne parkeringsplassen gjev også høg risiko for spreiing av framande artar. At reservatet ligg i nærleiken av bustadhús og hagar aukar også sjansen for at framande hageplanter utiltsikta spreier seg inn i reservatet. Eksempelsvis har nokre solbærbuskar etablert seg ved strandkanten av Rimbareidtjørna i vestre kant av reservat-grensa (figur 3). Engkarse pregar delar av fuktenga heilt sør i reservatet på forsommaren.



**Figur 3.** Framande artar innafor Rimbareidtjørna naturreservat. Øvst gran som er i ferd med spreie seg ulike stader innafor reservatgrensa. I midten solbær som har spreidd seg frå hage. Hagelbusken av slekta Spirea (nedst) har spreidd seg frå parkeringsplassen på kommuneeidem. Foto: Magnus Johan Steinsvåg

I kva grad dette faktisk er ein framand art for Noreg har blitt diskutert, og det er ikkje knytt noko risikovurdering til denne arten. Vi ser det derfor som lite aktuelt å gjennomføre tiltak for fjerne denne arten frå reservatet ut i frå dagens vurderingsgrunnlag (jf Gederaas m.fl 2007).

Mest dominante er dei store edelgranene som vart planta i 1899 saman med furuskogen på staden (Ove Gjerde pers. medd.). Det er opptil 10 slike store grantre i skogen aust i reservatet. I dag føregår sjølvspreiing (naturleg forynging) av både edelgran, sitkagran og furu innanfor reservatet. Fleire store sitkagranner veks også i søraustre kant i reservatet, og vidare sørover utanfor verneområdet i eigedomsgrensa mellom bruk 7 og 11. Desse er kjelde til frøspreiing inn i reservatet. Denne lokale bestanden av furu og gran ligg i hovudsak på Fitjar kommune sin eigedom i austre kant av reservatet. Fleire store sitkagranner veks i denne skogen ved parkeringsplassen. Også desse er planta på byrjinga av 1900-talet. Fordi furu er ein stadbunden art på Stordøya og resten av Vestlandet ser vi ingen grunn til å gjennomføre tiltak for å ta ut furu der ho står i reservatet i dag. Dette bør likevel vurderast seinare som eit reink biotopfremjande tiltak for våtmarksfugl.

Dei største granene er gamle og kan sjåast på som historiske element i Fitjar. 1-3 av dei eldste edelgranene kan under tvil stå, men sjølvfrøing og forynging skal haldast under kontroll. Resterande grantre (alle slag) skal fjernast frå reservatet. Grunneigarar som har gran på sin eigedom utanfor reservatet vert også sterkt oppfordra til å hogga desse slik at ein hindrar framtidig spreiing inn i verneområdet.

Det er også eit mindre granbestand på reservatgrensa i vest (eigedom 62/2). Det er ønskeleg at også dette bestandet vert hogd.

#### Mål

Uønskja framande artar skal ikkje ha ei fast etablering reservatet.

#### Lovheimel

Kap IV pkt 1 seier at "*all vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikke innførast*".

Til tross for at det står i forskrifa at "nye planteartar må ikke innførast", meinar forvaltingsstyresmakta at same strategi må gjelde uønskte framande artar som allereie var etablert i området før vernetidspunktet (jf Miljøverndepartementet 2007).

**Tabell 2.** Førekomst av framande artar og aktuelle tiltak retta mot desse i Rimbareidtjørna naturreservat.

Art	Førekomst	Tiltak
Sitkagran <i>Picea sitchensis</i>	I skogbestandet på austsida	Fjerning
Edelgran <i>Abies alba</i>	Om lag 10 tre i skogen på austsida i NR	Fjerning
Furu <i>Pinus sylvestris</i>	I skogen på austsida i NR	Mogleg tynning
Spirea <i>Spiraea sp.</i>	Like ved parkeringsplassen	Fjerning
Solbær <i>Ribes nigrum</i>	Fleire individ i vestre kant av NR	Fjerning
Vanleg engkarse <i>Cardamine pratensis</i> ssp. <i>pratensis</i>	Dekkar store delar av fuktenga i sørste kant av reservatet	Ingen
Stivhaleand <i>Oxyura jamaicensis</i>	Tilfeldig. 1 ind obs i perioden 8-14.06.1995	Ingen
Kanadagås <i>Branta canadensis</i>	Sporadisk. Tidlegare vanlegare	Jaktbar utanfor reservatet

### Retningsliner

Med m.a. Riokonvensjonen som utgangspunkt har dei ulike departementa saman utvikla tverrsektorielle strategiar og tiltak mot framande skadelege artar (Miljøverndepartementet 2007). Her gjer ein tydeleg konsekvensane av — og det tverrfaglege ansvaret for — å redusere effektane av framande artar på stadbunde biomangfald. Framande artar som trugsmål mot norsk natur er også frå før omfatta av fleire lovverk (viltlov, laksefisk og innlandsfiske m fl). Det ligg eit særleg fokus på denne typen artar i område som er verna etter naturvernlova.

### Tiltak

- All gran utanom eit fåtal av dei eldste edelgranene skal fjernast frå verneområdet.
- Alle andre uønskte framande planteartar skal fjernast så langt som praktisk råd.
- Det skal oppretta ein dialog med grunneigarar som har gran på sin eigedom i nærliken av reservatet.
- Statens Naturoppsyn (SNO) gjennomfører oppsyn med ekstra fokus på denne typen artar.

### **Høve for opptak av vatn til bruk i jordbruket**

#### Status

Tidlegare har nokre av gardbrukarane nyttar Rimbareidtjørna som vasskjelde for buskapen.

Vatn vart henta ved å køyra traktor med vasstank ned til strandkanten og pumpa opp i slange. Dei siste åra har det ikkje vore mogleg å komme til sjølve vassmassane med vasslange pga av all vegetasjonen som har kome til i vasskanten (jf figur 4).

#### Mål

Rimbareidtjørna skal kunna nyttast som vasskjelde på same nivå som før vernet.

#### Lovheimel

Kap V i verneforskrifta seier at vernet er ikkje til hinder for "at husdyra skal ha tilgang til drikkevatn frå tjørna". Kapittel VI pkt 5 i verneforskrifta gjev også høve til "...legging av leidningar for vatningsanlegg..." etter avtale med forvaltingsstyresmakta (fylkesmannen).

#### Tiltak

Tilkomst til tjernet med slange kan sikrast ved å grave ut noko av vegetasjonen i vasskanten. Stad for tilkomstpunkt og det konkrete tiltaket skal gjerast i samråd med fylkesmannen.

## Vassoppsamling i tilgrensande jordbruksområde

### Status

Relativt liten høgdeskilnad mellom sjølve Rimbareidtjørna og dyrka mark omkring gjer at det ut i frå reine jordbruksomsyn bør vera god drenering/grøfting for å hindre ei forsumping av dyrka mark. Næringsrik jordgrunn og sjølv normal bruk av kunstgjødsel og gylle gjev rask vekst av vegetasjon i grøfteavlaupa. Særleg dei siste åra har grunneigarane merka seg at grøftene tettar seg til i utløpa som fylgje av attgrodd vegetasjon. Det gjer at dreneringa og grøftelaupa ikkje fungerar, og at det vert ståande vatn i røyrane og grøftene. Resultatet er at dyrka mark lengst nede mot Rimbareidtjørna ber preg av fukt og stadvis forsumping. Dette er m.a. dokumentert i dei reviderte gardskarta til Norsk Institutt for skog og landskap, der delar av tilgrensande jordbruksareal er omklassifisert frå "fulldyrka jord" til "anna mark" som fylgje av forsumping.

### Mål

Grunneigarane skal i samråd med forvaltingsstyresmakta kunna gjera tenlege tiltak innanfor reservatgrensene for å betra avrenning og drenering i dyrka mark.

### Lovheimel

Vernet av Rimbareidtjørna set ingen stoppar for normal skjøtsel av dyrka mark. Kap V i verneforskrifta seier at vernet er ikkje til hinder for "Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsle". Kapittel VI pkt 2 i verneforskrifta gjev også høve til å leggje nye grøfter for drenering av tilgrensande areal etter avtale med forvaltingsstyresmakta (fylkesmannen).

### Retningslinjer

Fylkesmannen kjenner pr dags dato ikkje til at det er kome inn ønskje eller søknad om legging av nye grøfter.

Ved vedlikehald av grøfteavlaup som er lagde ned tidlegare (før vernet), skal fylkesmannen varslast.

Også eventuelle planar om legging av nye grøfter må gjerast i samråd med fylkesmannen.

### Tiltak

- Sjølve "utløpspunkt" til dreneringsrøyr m.m. som går inn i reservatet kan ryddast i samråd med fylkesmannen.

- Eventuell legging av nye grøfter frå dyrka mark og inn i reservatet, kan vurderast løpende av grunneigarar i samråd med fylkesmannen.

## Endringar i vasstand

### Status

For å vinna jordbruksland har Rimbareidtjørna truleg vore senka fleire gonger før området vart aktuelt for vern etter naturvernlova. Rimbareidtjørna hadde tidlegare to utløp som kunne ta imot vatn i flaumperiodar m. m. Gamle kart syner at sørrenden av hovudbassenget i tjørna smalna til sørover og munna ut i ein bekke. Denne rann så ned i Tjørnsendebekken. Bekken finst ikkje i dag og er truleg forsvunne som fylgje av tidlegare senking av tjørna og påfølgjande attgroing.

I tillegg vart Tjørnsendebekken like sør for reservatsgrensa lagt i røyr av grunneigar like før vernet.

Det kan tenkjast at desse endringane av utløpa i Rimbareidtjørna har redusert den totale slukeevna "utløpet" i tjørna har hatt til å ta i mot vatn i flaumperiodar. Det er også naturleg å tru at ein slik effekt også har ført til større variasjon i vassnivå, og i periodar relativ høg vasstand etter mykje nedbør. I utkast til verneplanen vart det også sagt at vassnivået i Rimbareidtjørna normalt kan stige så mykje som opptil 0,8 m ved sterkt nedbør og flaum, pga oppstiving (Fylkesmannen i Hordaland 1991). Sjølv om dette nivået er usikkert, er nok denne effekten truleg også gjeldande i dag, som fylgje av oppstiving av vassmassar i vegetasjon, og forseinka gjennomstrauming av vatn i tjørna.

Nokre av grunneigarane hevdar at vasstanden i gjennomsnitt har heva seg etter vernetids punktet, medan andre meiner at vasstanden er på nivå som før vernet. Tidlegare senking av tjørna, tilførsle av næringssalt og påfølgjande auka attgroing gjer det ikkje umogleg at vasstanden i gjennomsnitt kan ha heva seg noko etter vernetids punktet.

Men fordi det ikkje vart lest av eit referansepunkt då målestaven vart montert for ein del år sidan, er det vanskeleg å konkludere med at dette har skjedd. Målestaven står i austre del av tjørna, ikkje så langt frå skogkanten.

Odland (1992) skriv med bakgrunn i synfaring og undersøkingar i Rimbareidtjørna, at senking av tjørna har medført ei sterkt attgroing. Og at det "einaste som kan stoppa denne prosessen

er å heve vasstanden, helst til ei opphavleg høgd ca 1,5 m over nivået i 1991".

Det er ingen tvil om at — om ein skulle isolert sett sjå på verneverdiane åleine — så kunne det å heva vatnet vera det mest effektive for å redusera attgroinga og auke vasspegele, men pga av verknadene eit slikt tiltak vil ha på tilgrensande jordbruksområde er det neppe realistisk å gå den vegen. Ein freistar i staden å sikre verneverdiane ved å halde vasstanden på dagens nivå og heller gjennomføra ulike fysiske tiltak for å halda og styra attgroinga.

#### Mål

Gjennomsnittsnivå på vasstanden skal haldast på eit nivå som tek vare på verneverdiane utan å medføre vesentleg ulempe for jordbruket kring verneområdet.

#### Retningsliner

Forvaltingsstyresmakta (fylkesmannen) har høve til å gjera tiltak for å sikra verneverdiane i reservatet. Likeins kan fylkesmannen sikra området for at det vert mest mogleg lik tilstanden ved vernetidspunktet.

Det er ikkje aktuelt å redusere vasstanden i Rimbareidtjørna. Dette med grunnlag i at ein

reduksjon av open vassflate vil redusera området sin verdi for våtmarksfugl, og dermed vere i strid med vernereglane.

#### Tiltak

- Få ut massar og flytetorv som reduserar sirkulasjonen mellom dei to bassenga i tjørna.
- Fjerne flytetorv i innløpet til utløpsbekken
- Referansenivå for vasstanden skal målast og opplysast/sendast grunneigarane.
- Etter at referansenivå er fastset, skal det jamleg noterast vasstand.

#### **Forureining og forsøpling**

##### Status

Dei kvalitetane som Rimbareidtjørna representerar for fuglelivet er på mange måtar eit produkt av jordbruksdrifta i nedbørsfeltet omkring. Tilsig av næringssalt har gjort tjørna til ein liten næringsrik innsjø. Likevel er det den stadige tilførsla av næringssalt frå gjødsel (kunstgjødsel og husdyrgjødsel) som forsterkar attgroinga i tjernet. Odland (1992) skildrar ein



**Figur 4.** *Opp til venstre:* Johannes L. Rimmereid viser staden kor han tidlegare kunne leggje ut vasslange og pumpe opp vatn til buskapen. Det er ikkje mogleg no pga attgroing. *Nede til venstre:* Grøfteutløp som er i ferd med å gro att. Grøftene må haldast hyppig vedlike for at dei ikkje skal tettast til med vegetasjon. *Nede til høgre:* Anne Marie Røed ser på korleis forsumpinga har verka inn på dyrka marka nedanfor huset deira. Ulike storrtarar har etter kvart etablert seg på enga. Ein del av denne enga vart også i gardskarta til Norsk Institutt for skog og landskap omklassifisert frå "fulldyrka jord" til "anna mark" som følgje av forsumpinga. *Opp til høgre:* Det er jordbruksdrifta dels har gjort Rimbareidtjørna til ei næringsrik tjørn og eit rikt fugleområde. Likeins er det avrenning av næringssalt frå jordbruksaktiviteten som også skundar på attgroinga og gjer at dreneringsrøyr m.m. raskt tettar seg til og skapar problem for grunneigarane. Alle foto: Magnus Johan Steinsvåg.

sterk algevekst, særleg i nordenden av tjørna som tyder på gjødselseltsig.

Den siste tida har grunneigarane gått over frå kunstgjødsel til bruk av gylle. Dette aukar nitrogenutnyttinga og reduserar avrenning til Rimbareidtjørna. Høge prisar på kunstgjødsel fører også til avgrensa bruk av kunstgjødsel i dag. Generelt kan vi seie at avrenning frå jordbruksområdet har betra seg i takt med auka fokus på denne problematikken i jordbruksområdet.

Allereie før vernetidspunktet har grunneigarane hatt ein fast stad for brenning av jonsokbål i nordenden av reservatet. I fylge ei skjønsforutsetning (sjå vedlegg) er det tillate å brenne Jonsokbål som før. Staden er også i bruk i dag, og på synfaring sommaren 2008 kunne ein sjå restar etter brenning. Det er viktig at dette ikkje vert nytta til å brenna søppel. Det er forbod mot å brenne avfall jf § 7 i Forureiningslova.

Parkeringsplassen ved riksvegen heilt i austre kant av reservatet vert også nytta til å kvitta seg med skrot. Ved synfaring sommaren 2008 fann ein oljefat, tv, diverse elektriske artiklar og anna søppel her.

#### Mål

- Det skal ikkje vere søppel i reservatet
- Bruk av gjødsel m.m. i tilgrensande jordbruksområde skal haldast på eit minimalt nivå.

#### Retningsliner

- Det er etter § 28 i Forureiningslova forbode å kaste søppel og avfall. Dette gjeld også innafor reservatgrensa.
- Det er forbode å brenne avfall jf § 7 i Forureiningslova.

- Kommunen kan gje pålegg til forureinar om å rydde opp etter seg (§ 37 i Forureiningslova).

#### Tiltak

- Ha eit medvite forhold til bruk av gjødsel i nedbørsfeltet til Rimbareidtjørna.
- Setje opp informasjonstavle om verneområdet og skilt om at det er forbode å kaste søppel.
- SNO gjennomfører oppsyn.

## Fylling av Stein i strandsona

#### Status

Fleire av grunneigarane har i lang tid fylt Stein frå eng og beite i strandsona til Rimbareidtjørna. Storparten er lagt i haugar før vernetidspunktet, og ligg der i dag som før.

#### Mål

Ingen nye steinfyllingar skal lagast. Eksisterande fyllingar bør, om desse ikkje har dokumentert funksjon i dag, fjernast på sikt.

#### Retningsliner

Kap IV pkt. 3 sier m.a. at *"det må ikkje setja i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som...planering og lagring av masse"*.

Eksisterande fyllingar vart laga før vernetidspunktet og er såleis ikkje ulovlege etter naturvernlova. Dei er likevel skjemmande element i landskapet, og steinen bør samlast på ein lite synleg stad utanfor naturreservatet.

#### Tiltak

- Grunneigarane tek kontakt med kommunen eller fylkesmannen dersom det er trong for nye areal til å lagre Stein.
- Statens naturopsyn er jamleg innom verneområdet og tek kontakt med grunneigarar ved behov.

## 4. Mål for Rimbareidtjørna naturreservat


Mål for forvalting av Rimbareidtjørna naturreservat vert presentert i tråd med dei nye retningslinene for forvalting av område verna etter naturmangfaldlova. Forvaltinga skal vera presis og kunnskapsbasert. Sentralt i dette ligg det å konkretisere verneverdiane (naturkvalitetane) og knyta desse opp mot konkrete bevaringsmål (t.d. bestandsmål). Måla skal fungere som referansepunkt i overvaking og ved vurdering av bestandar over lengre tid. Eksempelvis kan endringar i bestandar vera signal på at negative faktorar verkar inn på verneverdiane i reservatet.

I dei nye retningslinene er det tre omgrep som er sentrale. Det er *naturkvalitet*, *bevaringsmål* og *forvaltingsmål*. Naturkvalitet består av dei naturtypane eller artane som er grunnlag for vernet. Altså sjølve verneverdiane. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at naturkvaliteten skal ha. Forvaltingsmål er eit samleomgrep for alle måla i eit verneområde. Her vert også mål knytt opp mot nærings- og brukarinteresser omfatta.

Utgangspunktet for fastsettjing av måla for forvalting av Rimbareidtjørna er sjølve verneføremålet; nemleg det å frede eit sær produktivt trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl og som ligg i trekruta langs kysten

I tillegg til miljøtilhøva i sjølve Rimbareidtjørna naturreservat er det naturlegvis faktorar utanfor reservatet som kan verke inn på førekomensten av fugl her. Mange av fugleartane har sporadisk førekomenst og har tilhald i andre område, også utanlands i store delar av året. Men det skal likevel ikkje vera miljøtilhøva og kvalitetane for våtmarksfugl innanfor reservatgrensene som skal vera den avgrensande faktoren for førekomensten av desse artane i Rimbareidtjørna. I realiteten går bevaringsmåla for Rimbareidtjørna naturreservat ut på å oppretthalde bestandane av våtmarksfugl på minimum dagens nivå.

Det er også vanlege artar av meir triviell karakter som er observerte ved Rimbareidtjørna. Desse vert ikkje tatt med i skildringa av naturkvalitet eller bevaringsmål ettersom dette er artar som ikkje er spesielt knytt til Rimbareidtjørna. Sjå meir om desse i artlista i vedlegg 2. Også artar med meir tilfeldig opptreden (trekkfuglar m.m.), vert ikkje konkret skildra som ein naturkvalitet for Rimbareidtjørna. Deira krav til rasteområde vert likevel oppretthalde ved mål for fuglebiotop i bevaringsmåla. Men for enkelte av andre artar, t.d. riksefuglane vert dei presentert i bevaringsmåla fordi sjølv ein sporadisk førekomenst av desse artane seier noko om særpreget og kvalitetane i reservatet.



Toppand og brunnakke, vanleg rastande artar i Rimbareidtjørna. Det er særleg andefuglane som kan verka negativt med auka attgroing. Endene søker næring på vassflata eller ved å dukke. Redusert areal med open vassflate vil redusera kvaliteten på Rimbareidtjørna som andeområde. Denne forvaltingsplanen med konkrete bevaringsmål og tilhøyrande tiltak skal sikra Rimbareidtjørna som viktig levestad for våtmarksfuglar. Foto: Ingvar Grastveit.

## 4.1 Naturkvalitetar

Med utgangspunkt i registreringar av fugl før vernet og dei siste åra er dei viktigaste naturkvalitetane skildra nedanfor (sjå fullstendig artsliste i vedlegg 2). For artar som er registrert i hekketida, men kor hekking er meir usikker, er tal moglege hekkingar gitt med spørsmålsteikn. Førekomensten av denne typen artar består i stor grad av syngande/spelande individ. For enkelte rastande og overvintrane artar er vanleg førekomenst notert (tal ind.). Artar som er klassifisert som raudlista (Kålås m.fl. 2006) er merka med stjerne (\*). Naturkvalitetane består både av fuglane sjølv og levestaden deira.

### Hekkande artar

- Dykkarar: Dvergdykker 1 par (sporadisk hekkande)
- Andefuglar: Toppand 0-1 par, stokkand 1-3 par, krikkand 1-2 par,
- Sporfuglar: Sivsongar 2-5 par, sivsporv 1-3 par, gulsongar 1 par?, grashoppesongar\* 1 par?,
- Riksefuglar: Vassrikse\* 1 par?, myrrikse\* 1 par?, sivhøne\* 1 par (sporadisk hekkande)
- Vadefuglar: Raudstilk 1-2 par, enkeltbekkasin 1-3 par, vipe\* 1-2 par, storspove\* 1-2 par

### Rastande eller overvintrande artar

- Dykkarar: Dvergdykker
- Andefuglar: Songsvane\* 5-31 ind., toppand 3-7 ind., stokkand 3-10 ind., krikkand 2-5 ind., brunnakke 2-4 ind.
- Riksefuglar: Vassrikse\* 1-2 ind., sivhøne\* (sporadisk)
- Vadefuglar: Enkeltbekkasin

### Våtmarksbiotopen

Høve for mat og skjul er avgjerande for kva artar og tal individ som til ei kvar tid har tilhald i reservatet. Sjølvé våtmarksbiotopen består av ein småskala mosaikk, der Rimbareidtjørna inngår med open vassflate og vassmassar, det finst breie torvmatter mellom tjernet og landfast grunn, og variert sumpmark med vasspyttar. Stadvis som i innløpet til Tjørnsendebekken er det større vierkratt.

## 4.2 Bevaringsmål

Bevaringsmål representerar den tilstanden forvaltingsstyresmakta ønskjer at naturkvalitetane skal ha i reservatet. Her er det i tillegg sentralt i mest mogleg grad å oppretthalde strukturen, naturtilhøva og vegetasjonen som gjer Rimbareidtjørna interessant for våtmarksfugl. Dei same kvalitetane som i hekketida gjeld for førekomenst av fugl utanom hekketida. Bevaringsmåla for framtida i stor grad ligge på same nivå som tilstanden og førekomensten av fugl var ved vernetidspunktet og i 2008.

### Artsmangfold

- Dykkarar (sporadisk hekkande): Dvergdykker\* 1 par
- Andefuglar (årleg hekkande): Toppand 0-1 par, stokkand 1-3 par og krikkand 1-2 par
- Sporfuglar (årleg hekkande/syngande): Sivsongar 2-5 par, sivsporv 1-3 par, grashoppesongar (syngande)\*
- Riksefuglar (sporadisk hekkande eller syngande/spillande individ): Vassrikse\*, myrrikse\* og sivhøne\*.
- Vadefuglar (årleg hekkande): Raudstilk 1-2 par, enkeltbekkasin 1-3 par og vipe\* 1-2 par, regelbunden næringssøk i hekketida: storspove\*
- Årleg førekomenst utanom hekketid av artane: songsvane, toppand, stokkand, krikkand og brunnakke
- Årleg rasting og/eller overvintring av vassrikse

### Våtmarksbiotopen

- *For å oppretthalde Rimbareidtjørna som biotop for våtmarksfugl skal ikkje:*
- a) Areal med open vassflate reduserast meir enn 20% frå målt nivå i 2005 (flyfoto 7. august 2005).
- b) Attgroing i form av markslag skog på myr auka frå tilstanden i 2008 (jf Foto og markslagstatistikk publisert 05.09.2007 Norsk Institutt for skog og landskap).

## 4.3 Forvaltingsmål

- Rimbareidtjørna naturreservat skal oppretthalda sin funksjon som hekke-, raste - og overvintringsområde for våtmarksfugl.
- Uønskte framande artar skal ikkje ha fast etablering i reservatet.
- Normalt vedlikehald av tilgrensande jordbruksseigedomar skal kunne gjennomførast i samsvar med verneforskrifta og forvaltingsplanen.
- Den periodevis forsumpinga av tilgrensande dyrka mark skal reduserast ved m.a. å auke sirkulasjonen i tjørna og betra slukeevna til Tjørnsendebekken.
- Attgroing i tiltaksområda etter skjøtselarbeid skal overvakast og vurderast kvart 2. år.
- Naturkvalitetane i Rimbareidtjørna skal synleggjera og gjerast betre tilgjengeleg for ålmenta.
- Informasjonsflyt og kontakten mellom grunneigarar, kommunen, Statens naturopsyn og fylkesmannen skal betrast.

# 5. Forvaltingsoppgåver og tiltak

## Tiltak mot attgroing og periodevis høg vasstand

Det kanskje viktigaste målet for den framtidige forvaltninga av Rimbareidtjørna er at attgroinga ikkje skal kome så langt at det reduserar Rimbareidtjørna sin funksjon for våtmarksfugl. Særleg viktig vert det å hindre attgroing av den opne vassoverflata.

Som skissert i avsnitt om "utfordringar og brukarinteresser" ønsker fylkesmannen å fjerne massar for å auke vasspegelen mellom dei to bassenga (betra sirkulasjonen) og auke slukeevna til utløpsbekken. Den kanskje største utforminga ved å gjennomføre denne typen tiltak i Rimbareidtjørna er at det er særskleleg å kome til med anleggsmaskin ettersom store delar av reservatet består av lause torvbankar og sumpmark.

Fylkesmannen har kikka nærmere på ulike metodar for å fjerne massar, og det er to innfallsvinklar som har skilt seg ut. Første metoden som vart vurdert, var det å bruke ein kraftig slamsugebil for å suge opp massar. Ein slik bil kunne ha stå på land og ved hjelp av ein sugeslange med lang rekkevidde kunne ein ha suge opp massar (og vatn) ute i tjørna. For å ha god kontroll på graving og oppsuginga kunne ein ha hatt ein mindre lekter som base på tjørna (om lag 5x18 m). Med ein grabb på lekteren kunne lausmassar så blitt grave opp i eit kar i lekteren for så å blitt suge opp med sugeslangen. På den måten kunne ein ha hatt betre kontroll over kor ein grov samstundes som ein haldt den tunge slangen fast i lekteren.

Alternativet som vi fall på, var å bruke ulike amfibiekøyretøy, til både graving, mudring og

transport av massar til land. Sugebilen er tung og det ville ha vore nødvendig å etablere ein grus/pukk-veg ned til tjørna frå austsida (kommuneeigedomen). Med amfibiekøyretøya var det ikkje behov for dette (sjå vedlegg 5).

For å få den ønskja effekten av tiltaket i Rimbareidtjørna, har det vore naudsynt å grave ut relativ djupe "vasskorridorer" i tillegg til å ta ut flytetorv, mudder m.m.

Etter at ein har fått massane på land, bør desse, om mogleg, lagrast utanfor nedbørsfeltet til Rimbareidtjørna slik at ein ikkje får avrenning av næringssalt ut i tjørna igjen. Truleg er ein del av massane av ein slik kvalitet at det kan nyttast til jordforbetring på tilgrensande dyrka mark. I så fall bør massane bli liggande for avrenning nokre månader, og kalkast i ettertid (t.d. med skjelsand).

Dersom rydding av "inntaket" til Tjørnsendebekken gjev liten effekt, kan behov for ytterlegare utgraving av bekken vurderast i ettertid. Sjølvé vasstanden i Rimbareidtjørna etter ei slik utgraving av utløpsbekken kan kontrollerast ved å t.d. etablere ein V-forma terskel i bekken. Dette må i så fall gjerast i samråd med NVE.

Utgraving av massar og flytetorv, kan lokalt vere omfattande og derfor også verke negativt inn på dyrelivet (evertebratar) i vatn og mudder. Dette dyrelivet vart derfor kartlagt av Rådgivende biologer før tiltaket vart sett i verk. For i minst mogleg grad skremme fugl i reservatet, vart tiltaket gjennomført tidleg på hausten.

Den totale budsjetttramma til prosjektet var avgjerdende endeleg val av metode og omfang av tiltaka.

**Tabell 3.** Oversikt over aktuelle tiltak fordelt på tema. Dette er tiltak kor fylkesmannen er ansvarleg for å setje i verk. FMHO = Fylkesmannen i Hordaland, SNO = Statens naturoppsyn. Alle tiltaka skal gjerast i samråd med grunneigar. For dei fleste tiltaka er kostnad ikkje gjengje fordi det endå ikkje er klarlagt. \* = Tiltaket vert gjort som ein ordinær del av arbeidet.

Tiltak	Eigedom	Tidspunkt	Ansvar	Kostnad	Kommentar
<b>Biotopfremmande tiltak for våtmarksfugl og meir stabil vasstand</b>					
Ungraving av flytetorv og massar mellom bassenga	Sameige (62/0?)	Haust 2009	FMHO	300 000	I tillegg til fjerning av flytetorv og mudder, må det gravast djupare "vasskanalar".
Opning av "innløpet" til utløpsbekken	Sameige og 62/6	Haust 2009	FMHO	40 000	Noko må truleg gjerast frå flåte m.m.
Ungraving av vassmosaikk i sørenden	Sameige og 62/2	Haust 2009?	FMHO	60 000	Dersom det vert midlar til rådvelde
Stadvis fjerning av tre på myr og sumpmark	Heile reservatet	Kwart 3. år	FMHO/SNO	*	Vurdering av FMHO. Tiltak vert gjennomført av SNO i samråd med FMHO
Måling av målestav for vasstand	62/6	2010 og løpende	SNO/FMHO	0	Må gjennomførast fleire målinger for å finne eit referansepunkt
<b>Framande artar</b>					
Uthogging av framande treslag i skogteigen i aust + granfelt i vest	62/6 + 62/2	2010	FMHO/SNO og Fitjar kommune	60 000?	Trevyrke tilfell grunneigar
Fjerning av uønskte framande artar	Innafor heile reservatet	Løpende	SNO	?	Ved førekommst utanfor reservatgrensa skal FMHO vurdere moglege tiltak i samråd med grunneigar
<b>Kartlegging og overvaking</b>					
Fugl	Heile reservatet	Min. 3 gonger i året	FMHO	10 000 årleg?	Aktuelt å leige inn kompetanse (jf kap 5)
Evertebratar	Med særleg fokus på aktuelt tiltaksområde	2009	FMHO	40 000	Før eventuell fjerning av massar. Innleidd kompetanse
Overvaking av tilstand jf bevaringsmål	Innafor og omkring reservatet	Årleg	FMHO	*	SNO gjer truleg noko av feltarbeidet
<b>Informasjon og tilgjenge</b>					
Opprettning av informasjonstavle m.a. for reservatet	62/6	2010	FMHO/SNO	10 000	Truleg ved parkeringsplassen
Bygging av fugletårn	62/6	2010-2011	FMHO/SNO/ Fitjar kommune	250 000?	Avhengig av finansiering frå landbruksforvaltinga
Opprettning av informasjonsside på nettstaden Miljøstatus i Hordaland		2009	FMHO	*	Kan koplast opp mot nettstaden "Miljøstatus på Stord"

## Tilsyn i verneområdet

Det er Statens naturoppsyn (SNO) som har ansvar for oppsyn i Rimbareidtjørna. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglane for området vert fylgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil t.d. verta orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til gjennomføring av ulike tiltak inne i reservatet.

Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter dei sju miljølovene friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i Rimbareidtjørna vert gjort i samråd med fylkesmannen og enkelte av tiltaka er nærmere presentert i denne forvaltingsplanen.

## Grensemerking

Alle knekkpunkt i verneområdet er markert i terrenget med grensebolt. På grunn av mykje vegetasjon enkelte stader er grenseboltane vanskelege å oppdage sommaren 2008. Statens naturoppsyn vil ved tilsyn i området rydda desse slik at dei vert meir synlege. Det same gjeld oppsetting av verneskilt. Kart (figur 1) syner knekkpunktene i vernegrensa og nærmere kor grenseboltane er plassert.

## Overvaking av fuglebestanden

Prinsippa ved forvalting av verna område etter naturvernlova set krav til hyppigare og betre overvaking enn tidlegare. Ein har så langt ved oppsyn og forvalting kanskje i større grad vore fokusert på tekniske brot av vernereglar som t.d. fysiske inngrep, framfor å vurdere tilstand og status til dei faktiske verdiane som låg til grunn for vernet. Med denne forvaltingsplanen vert fokuset på naturkvalitetane skjerpa i framtida.

For Rimbareidtjørna er det i hovudsak fugl som utgjer naturkvalitetane og grunnlag for vernet. Det er også tema fugl som i størst mogleg grad

skal overvakast. I Rimbareidtjørna naturreservat er det med bakgrunn i verneformålet

viktig å få god oversikt over utvikling i fuglefaunaen både i hekketida og om hausten. Forvaltingsplanen bør som heilskap reviderast/rullerast innan 10 år. Dette gjer at bevaringsmåla som vert presentert i denne forvaltingsplanen helst vert ståande til planen skal reviderast.

## Metode ved fugleregistrering

For å ha tilstrekkeleg gode data som grunnlag ved vurdering av tilstanden i reservatet er det avgjerande at det er kyndig personell som gjennomfører dei offisielle registreringane. Sjølv om bevaringsmåla er retta mot artar som har meir eller mindre regelbunden tilhald i Rimbareidtjørna, er det naturlegvis viktig at alle fuglearter vert registrert ved overvaking i reservatet. Poenget med dette arbeidet er å fange opp eventuelle endringar i artsamansetjing.

I løpet av eitt og same år bør det gjennomførast minimum ein runde av registreringar av alle artsgruppene. Dvs. at nattsongarar innan riksefamilien og songarfamilien kan registrerast på nattetid under same synfaring, men det bør gjennomførast tilsvarende synfaring til andre tider av året for å fange opp rastande og overvintrande riksfuglar. Dette kan t.d. gjerast samstundes ved registrering av andefugl og vadefuglar. Også hekkande fugl bør registrerast på dagtid om våren. Dvs at det totalt bør gjennomførast minimum 3 synfaringar i året av personell som er kompetent til å artsfeste fugl (sjå tabell 4 for oversikt).

Dette er eit absolutt minimum av registreringar, men pga avgrensa kapasitet og stort tal andre verneområde som også må vurderast, meiner vi at dette omfanget kan gi oversikt over trendar over tid.

Det vil også til vanleg vera eit visst tilfang av data frå andre ikkje statlege observatørar som kan kvalitetsikra og nyttast av forvaltinga.

All registrering av fugl bør rapporterast i databasen til Artsdatabanken. Det vert gjort på nettstaden: [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) under lokalitetsnamn: *Rimbareidtjødno*. Dette vil gjera fugleobservasjonane betre tilgjengelege for álmenta. Fylkesmannen vil også legge inn relevante observasjonar i Naturbasen som vert nytta i naturforvaltinga.

Evaluering av bevaringsmåla opp mot registreringane i felt bør gjennomførast kvart tredje år.

### Vurdering av observasjonsdata

Naturen er eit dynamisk system og heile tida i endring. Og eit våmarksområde er kanskje ein av dei mest dynamiske biotopane vi har i landet. Fuglebestandar er dertil særskilt mobile og responserar generelt lett på endra miljøfaktorar med t.d. eit skifte i habitatbruk og næringssøksområde.

Det gjer at det å vurdere den faktiske tilstanden for ulike artar i reservatet opp mot bevaringsmåla kan vera ei utfordring. Og det er særleg i tilfelle der desse målepunkta ikkje står i samsvar med kvarandre at det å tolke årsakssamanhengande kan by på vanskar.

Det kan vera mange årsaker og faktorar som gjer at bevaringsmåla ikkje står i forhold til den faktiske tilstanden i reservatet, og dei kanskje mest openbare er:

- dårleg kunnskapsgrunnlag/vurdering av tilstanden på naturkvalitetane ved fastsetjing av bevaringsmåla.

- Utanforliggende faktorar som verkar inn og regulerar fuglebestandar som vert observerte i Rimbareidtjørna.
- Endra miljøtilhøve innafor reservatet som reduserar eller betrar habitatet for dei aktuelle artane.

Ved vurdering av tilstanden i reservatet er det også viktig å identifisere tilstand på desse faktorane ettersom dei kan verke inn på kvarandre og på ulike vis kompensere for kvarandre. Ein redusert habitatkvalitet i Rimbareidtjørna kan t.d. verta kompensert av ein generell bestandsauke for den aktuelle arten utanfor reservatet. Dette er naturlegvis faktorar og effektar som er særskilt vanskeleg å kvantifisere, men ein bør likevel ha eit medvite forhold til problemstillinga og korleis det kan verke inn på måltala for bevaringsmåla.

**Tabell 4.** Nøkkeloversikt over metode og tidspunkt for registrering av fuglearter i Rimbareidtjørna naturreservat. Tabellen synleggjer metode og kva type artar det er viktig å ha fokus på ved registreringar i felt. *Funksjon* omhandlar kva type områdebruksmåtar ein ønskjer å påvise med registreringa: H = hekking, RT = rastande, RV = rastande vinter. Type registrering skildrar metoden den aktuelle arten vert registrert på: L = lát, PL = playback eller ved O = observasjon. Tidspunkt for registrering syner den viktigaste delen av året for den aktuelle registreringa. Ved registrering nattetid bør det skje min. 1 time etter solnedgang. Observert fugl vert rapportert som individ eller par. *Eining* for rapportering vert tal syngande individ, observerte individ eller hekkande par. Dette overvakingsregime gir grunnlag for minimum 3 registreringsturar kvart år. Evaluering av tilstanden i reservatet opp mot bevaringsmåla bør gjerast kvart tredje år.

Artsgruppe	Funksjon	Type reg.	Tidspunkt	Eining	Kommentar
Songarfamilien: Sivsongar, gras- hoppesongar, m.fl	H	L	Mai-juli	Natt	Syngande ind.
Sivsporv	H	L, O	Mai-juli	Dag	Syngande ind., par
Vassrikse, myrrikse og åkerrikse	H	L, PL	Mai- juli	Natt	Syngande ind.
Vassrikse	RT, RV	L, PL, O	Haust, vinter	Dag	Ind.
Sivhøne	H, RT, RV	O	Heile året	Dag	Ind., par
Vadefuglar	H, RT, RV	O, L	Heile året	Dag	Ind., par
Dykkarar	H, RT, RV	O	Heile året	Dag	Ind., par
Andefuglar	H, RT, RV	O	Heile året	Dag	Individ / par

## Informasjon og tilrettelegging

For enkelte kan eit område som Rimbareidtjørna verka lite interessant og anonymt for naturopplevingar. Og sjølv folk som bur i nærområda kan ha lite konkret kjennskap til kvifor Rimbareidtjørna er verna og kva kvalitetar som finst akkurat der. Det er heilt naturleg, ettersom folk som bur i nærområda til slike lokalitetar opplever dette som "kvardagsnatur" og lite spesielt.

Kommunikasjon og informasjon er alltid viktig for å unngå misforståingar, og det er kanskje særleg aktuelt i tilfelle som gjeld forvalting og bruk av verneområde. Denne forvaltingsplanen er eit viktig steg for å betra kunnskapen om Rimbareidtjørna og er med å avklare kva avgrensingar som gjeld og kva aktivitetar som kan tillatast i verneområdet. Dette vil venteleg gjere det enklare for grunneigarar og ålmenta elles å forhalde seg til vernet.

Fylkesmannen ønskjer å betre synleggjera dei naturverdiane som finst i Rimbareidtjørna. Dette skal m.a. gjerast ved å montere eit informasjonsskilt som skildrar føremålet med vernet, kvalitetane som finst her og korleis ålmenta kan gå fram for sjølv å oppleve dette. Dersom etablering av eit fugletårn lar seg

realisere, ser vi for oss at informasjonstavle t.d. kan monterast ved parkeringsplassen ved

riksvegen (der det tidlegare har stått ei slik tavle). Herifrå kan det etablerast ein sti ned til fugletårnet. Den mest tenlege lokaliseringa av denne vil truleg vera på Fitjar kommune sin eigedom. Dersom bygging av fugletårn vert realisert, vil fylkesmannen ta kontakt med Statens vegvesen for å skilta til Rimbareidtjørna som attraksjon.

Fylkesmannen skal etter at forvaltingsplanen er godkjend opprette ei nettside for Rimbareidtjørna naturreservat som ein del av informasjonen om verneområda i Hordaland. Denne vil ligge på nettstaden [Miljøstatus i Hordaland](#). Her vil informasjon om verneformål, vernereglar, forvaltingsplanen og aktuelle fugleartar verta presentert. Også lenke til nettstaden [www.artsobservasjoner.no](#) og registreringar for Rimbareidtjørna vil vise ei oppdatert og dagsaktuell liste over fugleartar som vert observerte i reservatet.

Denne forvaltingsplanen tek opp dei mest aktuelle problemstillingane ved forvalting og bruk av reservatet. Forhåpentlegvis har mykje blitt klarare. Dialogen mellom grunneigarane, Fitjar kommune, Statens naturoppsyn og fylkesmannen skal betrast ved m.a. å halde på og utvikle dei kontaktpunkta som finst.



Sivsongar (t.v.) og storspove. Rimbareidtjørna naturreservat husar fleire hekkande par med sivsongar og den gode tilgangen på insekt gjev gode levekår. Storspoven nyttar reservatet både som matsøkområde og rastepllass. Fleire par hekkar i kulturlandskapet i Fitjar. Begge artane inngår i bevaringsmåla for reservatet og er prioritert i den vidare overvakkinga. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

# 6. Sakshandsaming

## Verneregler og søknad om dispensasjon fra verneforskrifta

Reglane for Rimbareidtjørna naturreservat har som føremål å skjerme verneverdiene for negativ påverknad. Under kap IV i vernereglane er nemnt ei rekke tiltak som ikkje kan gjennomførast i reservatet, og som såleis i utgangspunktet vil vere i strid med verneføremålet. (sjå heile verneforskrifta i vedlegg 1).

Dei fleste aktivitetane knytt til drift av omkringliggjande jordbruksområde kan gjerast som før vernetidspunktet, og i kap. V i verneforskrifta er det ei oversikt over aktivitetar som ikkje vert avgrensa ved vernet. Desse kan gjerast utan meir kontakt med fylkesmannen, men etter punkt 3 i oversikten må fylkesmannen varslast dersom ein ønsker å vedlikehalde grøfteavlaup o.a.

For aktivitetar der effekten på verneområdet kan vera meir uviss, men som ikkje nødvendigvis treng å ha ein negativ effekt på verneområdet, kan ein søkje forvaltingsstyresmakta om løyve til gjennomføring av tiltaket. Kap. VI (sjå boks nedanfor) listar opp aktivitetar som fylkesmannen kan gje løyve til. Eit eventuelt løyve vert gitt som ein dispensasjon frå vernereglane. Søknad må stillast fylkesmannen. Svar på søknaden anten som avslag eller tilslag vert eit enkeltvedtak. Eit eventuelt tilslag vert gitt som dispensasjon frå verneforskrifta, og det kan knytast vilkår til

**Etter kap. VI i verneforskrifta kan fylkesmannen gje løyve til:**

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert utytning/høgdereduksjon av kratt og varsam hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, opprensing av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.

dispensasjonen. Sakgangen følgjer elles vedtekne prosedyrar i Forvaltingslova.

Dersom søknaden om gjennomføring av ønska tiltak vert avslått kan det pålagast av søkjar. Klage på enkeltvedtaket kan gjerast av ein "part eller annan med rettsleg klageinteresse" innan 3 veker frå vedkomande part har fått vedtaket. Klagen skal sendast om fylkesmannen, men stila til Direktoratet for naturforvaltning og kan også kome frå ein interesseorganisasjon som t.d. ønsker å klage på eit tilslag på ein søknad.

Fylkesmannen (forvaltingsstyresmakta) som har treft vedtaket som vert påklaga skal vurdere kva som er årsaka og grunnlaget for klagen. Vidare skal fylkesmannen vurdere om det er nye moment i klagen som gjer at ein bør endre eller oppheva tidlegare vedtak i saka. Dersom utfallet av denne vurderinga gjer at vedtaket står som før, skal saka vidaresendast til klagemyndigheita. For saker etter naturvernlova i Hordaland er dette Direktoratet for naturforvaltning.

Vernereglane baserar seg på naturvernlova av 1970, men dette lovverket er avløyst av naturmangfaldlova med verknad frå 1. juli 2009.

Er ein usikker på om ein treng søke om løyve for å gjennomføre tiltak, eller har andre spørsmål kan ein kontakte fylkesmannen ved miljøvernavdelinga.

## Tilhøve til andre lovar

Forskrifter (verneforskrifter) gitt med heimel i Naturmangfaldlova går normalt føre andre lovar og forskrifter (Direktoratet for naturforvaltning 2001). Innafor vernegrensene gjeld også anna lovverk. T.d. må ein både ha løyve frå vernestyremakta (etter naturmangfaldlova) og Plan- og bygningslova dersom ein ønsker å gjennomføre tiltak som fell inn under dette lovverket. Sjølv verneforskrifta for eit visst område gjeld berre innafor vernegrensene. Verneforskriftene set ikkje juridiske avgrensingar på arealbruken utanfor verneområdet. Men det er naturlegvis viktig for fylkesmannen at aktivitetar som skjer like utanfor verneområdet i minst mogleg grad verkar negativt inn på verdiane i eit verna område.

## 7. Litteratur

- Bjørdal, I. 2007. Markslagsklassifikasjon i økonomisk kartverk. – Skog og landskap 01/2007
- Direktoratet for naturforvaltning 2001 (revidert 2008). Handbok 17. Områdevern og forvaltning. Forvaltningshåndboka.
- Direktoratet for naturforvaltning 2001. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001.
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper – Verdisetting av biologisk mangfold. Dn-håndbok 13. 2. utgave 2006 (oppdatert 2007).
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder. Notat 2007-1.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. - Krompen 30: 74-105
- Fylkesmannen i Hordaland 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke. 111 s.
- Gederaas, L., Salvesen, I. og Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 – Økologiske risikovurderinger av fremmede arter.
- Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway
- Kålås, S. og Johnsen, G.H. 2009. Vurdering av planlagt mudring i Rimbareidtjørna. - Notat 22. juli 2009.
- Moe, B. & Fadnes, P. 2008. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord. – Fitjar og Stord kommunar, Fylkesmannen i Hordaland og Høgskolen Stord/Haugesund. MVA-rapport 2/2008: 1-133.
- Odlund, A. 1992. Skjøtsel av våtmarksreservat i Hordaland. – NINA Oppdragsmelding 172: 1-37.
- Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2004. Viltet på Stord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Stord og Fitjar kommunar og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3-2004: 1-59.
- Svorkmo-Lundberg, T. Bakken, V., Helberg, M., Mork, K., Røer, J.E. & Sæbø, s. (red.). 2006. Norsk VinterfuglAtlas. Fuglenes utbredelse, bestandsstørrelse og økologi om vinteren. Norsk Ornitologisk Foreining, Trondheim. 496 s.

### Aktuelle internetsider

Miljøverndepartementet	<a href="http://www.odin.dep.no/md">www.odin.dep.no/md</a>
Direktoratet for naturforvaltning	<a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a>
Fylkesmannen i Hordaland	<a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a>
Miljøstatus i Noreg	<a href="http://www.miljostatus.no">www.miljostatus.no</a>
Artsdatabanken	<a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a>
Artsobservasjoner	<a href="http://www.artsobservasjoner.no">www.artsobservasjoner.no</a>
Naturbasen	<a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
Norsk Ornitologisk Foreining Hordaland	<a href="http://fuglar.no/nof/">http://fuglar.no/nof/</a>

## 8. Vedlegg

- 1. Verneforskrift**
- 2. Skjønnforutsetning**
- 3. Liste over grunneigarar**
- 4. Artsliste for fugl**
- 5. Bilete frå skjøtselstiltak**

**VEDLEGG 1****Verneforskrift**

**Forskrift om fredning av Rimbareidtjørna naturreservat, Fitjar kommune, Hordaland.**  
**Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.**

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, § 10, og §§ 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Rimbareid i Fitjar kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet « Rimbareidtjørna naturreservat ».

II

Det frede området femnar om følgjande gnr./bnr.: 62/1, 62/2, 62/3, 62/4, 62/5, 62/6, 62/7, 62/8, 62/9, 62/10, 62/11, 62/13.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 89 dekar, der 52 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Fitjar kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet er å frede eit sær produktivt trekk- og hekkeområde for våtmarksfugl og som ligg i trekkruta langs kysten.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye plantearter må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkabler og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tömming av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamuflasjjeinnretningar er forbode.
5. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal, og vedlikehald av gjerde i samsvar med noverande bruk.
3. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsle.
4. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-3.
5. Beite som på vernetidspunktet.

6. Sanking av bær og matsopp.
7. Vedlikehald av uthus som er oppført før vernetidspunktet.
8. At husdyra skal ha tilgang til drikkevatn frå tjørna.

## VI

Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsom hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidninger for vatningsanlegg, opprensning av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.

## VII

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som skal innehalde retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka

## VIII

Forvaltningsstyremakta kan gjere unnatak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitskaplege granskningar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.

## IX

Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## X

Denne forskriften tek til å gjelde straks.

**VEDLEGG 2**

**SPESIELL SKJØNNSFORUTSETNING  
RIMBAREIDTJØRNA NATURRESERVAT - SAK 97-389b**

- 1 Det gis tillatelse til manuell fjerning av høymole i reservatet (Vernereglene pkt. VI 3)
- 2 Det skal innen 1.6.98 etableres et fastmerke for vannstanden i tjernet.
- 3 **For saksøkte nr 4, Hildegunn og Johannes L. Rimmereid gbnr 62/10:**  
Brenning av jonsokbål tillates som før, men bålstedet skal trekkes så nært opp til reservatgrensen som mulig.
- 4 **Alle tnr.**  
Det gis tillatelse til kontrollert uttynnning/høydereduksjon av kratt og varsom hogst av ved til eget bruk i tiden 1.11. - 1.3. Arbeidet skal utføres i samråd med og etter anvisning fra Forvaltningsmyndigheten.

Bergen, 24.10.1997

Thommessen Krefting Greve Lund AS


  
Endre Grande

advokat

**VEDLEGG 3****Grunneigarar, Rimbareidtjørna Naturreservat**

Oppdatert 28.07.2009

<b>Gnr.</b>	<b>Bnr.</b>	<b>Namn</b>	
62	1	RIMMEREID, JOHANNES M.	5419 FITJAR
62	2	RIMMEREID, HELGA	5419 FITJAR
62	3	KLOSTER, REIDAR	5419 FITJAR
62	4	ISDAL, KNUT INGE	5419 FITJAR
62	5	KLOSTER, FRODE	5419 FITJAR
62	6	FITJAR KOMMUNE	5419 FITJAR
62	7	RIMBEREID, NILS INGE	5419 FITJAR
62	8	TIDSLEVOLL, OLAV EDVIN	5410 SAGVÅG
62	9	RIMMEREID, LARS OVE	5419 FITJAR
62	10	RIMMEREID, JOHANNES L.	5419 FITJAR
62	10	RIMMEREID, HILDEGUN A. J.	5419 FITJAR
62	11	TISLEVOLL EINAR	5419 FITJAR
62	13	RØED ANNE MARIE	5419 FITJAR
62	13	RØED MAGNE	5419 FITJAR
62	39	RØED ANNE MARIE	5419 FITJAR
62	39	RØED MAGNE	5419 FITJAR



#### VEDLEGG 4

### Registrerte fugleartar i Rimbareidtjørna Naturreservat pr. 17.08.2009

Utgangspunktet for denne oversikten er i hovudsak registreringar som har blitt gjort av medlemmer i Norsk Ornitologisk forening, Sunnhordland. Særleg Ole Berge Helland og Tor Helge Heggland har bidratt med mange observasjonar. Desse registreringane stammar frå byrjinga på 1990-talet og fram til 2009. Detaljregistrering av fugl før området vart verna vart gjort i 1978 (Byrkjeland 1978) og fuglar som vart observerte i 1978 er merka med stjerne for observert (\*) og (\*\*) som hekkande. Også eigne registreringar gjort av personell frå fylkesmannen er med som grunnlag for artslista. Artlista viser fugleartar som er observerte innafor reservatgrensa. Mange av artane i tilgrensande nærområde og Rimbareidtjørna naturreservat til næringsråd. Dette er kommentert for enkelte artar.

Det er ønskjeleg at fleire fugleobservasjoner vert rapportert for reservatet. Desse kan registrerast på [www.artobservasjoner.no](http://www.artobservasjoner.no) under lokalitetsnamn "Rimbareidtjodno"

**Status:** H = hekking konstateret, h = mogleg hekking, hF = hekkefugl i Fitjar kommune, T = regelbunden trekkjest, t = sporadisk trekk/- streifjest, V= regelbunden vintergjes, v=sporadisk vintergjest og s = sjeldan/tilfeldig forekomst. For sannsynleg eller konstatert hekkande artar er det gitt eit grovt estimat over hekkebestanden (tal par).

**Status raudliste:** Raudlistestatus følger Artsdatabanken (2006). CR = kritisk trua. EN = sterkt trua. VU = sårbar. NT = nær trua. DD = datamangel.

**Prioriterte artar:** Artar som vert særskild overvaka for å vurdere måloppnåing jf bevaringsmål. Dette er artar som er knytt til våtmark som biotop og som vert hyppig nok obsevert i reservatet til at det er mogleg å følgje med "bestanden" over tid (jf kap 4.2 om bevaringsmål).

Art		Status	Tal par	Raudliste	Pri. art	Merknad
Dvergdykker	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	H, s	1	NT	P	Sporadisk hekkefugl. Hekka i 1998. Første hekkefunn i Hordaland. Mogleg hekking også i 1999.
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	T, V				Vanleg på næringsråd.
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	s				Sporadisk.
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	V		NT	P	Regelbunden vintergjest. Av og til over 30 individ.
Grágás	<i>Anser anser</i>	t, v				Sporadisk trekk og vintergjest. 15 ind obs på det meste.
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	s				Sjeldan og sporadisk forekomst.
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	T			P	Relativ regelbunden på trekk og næringsråd. På det meste er 10 individ observert.
Krikkand*	<i>Anas crecca</i>	H, T, V	3-4		P	Vanleg hekkefugl og i trektidene. Sporadisk vinterstid.
Stokkand**	<i>Anas platyrhynchos</i>	H, T, V	4-5		P	Vanleg stort sett heile året.
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	s, t		NT		Sjeldan og sporadisk trekkjest.
Knekkand	<i>Anas querquedula</i>	s		EN		Sjeldan. Ein hann obs 26.05.2006
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	T, V			P	Næringsråd. Mogleg hekkefugl på sikt.
Bergand	<i>Aythya marila</i>	t, v		VU		Sporadisk trekk og vintergjest.
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	T, V			P	Relativ regelbunden trekk og vintergjest.
Stivhaleand	<i>Oxyura jamaicensis</i>	s				Sjeldan. Eitt ind. obs 08.06.1995. Svartelista
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	s				Sjeldan vintergjest.
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	s		NT		Sjeldan streifjest. Eitt individ observert overflygande 25.08.2009.
Sivhauk	<i>Circus aeruginosus</i>	s		VU		Sjeldan streifjest.
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	hF		VU		Næringsråd. Fleire ribbeplassar registrert innafor reservatet.
Sporehauk	<i>Accipiter nisus</i>	hF				Næringsråd.
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	s				Sjeldan trekk- og streifjest.
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	h, s		CR		Sjeldan. Syngande ind. sist hørt i perioden mai / juni 2004. Anonym, mogleg hekkefugl.
Vassrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	h, T, V	1?	VU	P	Åleg både i hekketida og trekk - vinterstid. Mogleg hekkefugl.
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	T, V		EN		Nesten åleg i hekketida og trektidene. Sist hørt 14.05.2005
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	H, T, v	1	NT	P	Hekking 2008. Relativ regelbunden i hekketida dei siste åra.
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	t, v				Sjeldan. Mogleg hekkefugl på sikt.
Tjeld*	<i>Haematopus ostralegus</i>	s				Sporadisk. Knytt til kysten.
Sando	<i>Charadrius hiaticula</i>	s				Sjeldan trekkjest. 7-10 individ observert 25.08.2009.
Heilo*	<i>Pluvialis apricaria</i>	s, t				Sjeldan obs rastande under trekk.
Vipe**	<i>Vanellus vanellus</i>	H, T	2	NT	P	2 par innafor reservatet + fleire par i nærområdet.
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	t		DD		Sjeldan trekkjest. 7-10 individ observert 25.08.2009.
Enkeltbekkasin*	<i>Gallinago gallinago</i>	H, T, v	2		P	Hekkefugl. Truleg også overvintrande.
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	h, T,v	1			Mogleg hekkefugl i skog. Truleg også overvintrande.

Art		Status	Tal par	Raudliste	Pri. art	Merknad
Storspove*	<i>Numenius arquata</i>	hF, T		NT	P	Fødesok. Hekkefugl i tilgrensande jordbruksområde.
Raudstilk**	<i>Tringa totanus</i>	H	1		P	Hekkefugl. Overvintrande ind. m a registrert i Sæverhagsvikjo.
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	s				Sjeldan trekkjest. Eitt ind obs overflygande 25.08.2009.
Hettémåse*	<i>Larus ridibundus</i>	s				Sjeldan streifgjest.
Fiskemåse*	<i>Larus canus</i>	hF, T				Regelbunden streifgjest. Hekkar på ulike lokalitetar på Stordøya.
Grámåse*	<i>Larus argentatus</i>	hF, t				Streifgjest. Grámåse hekkar m a på Færøya kor vi finn ein større koloni.
Sildemåse*	<i>Larus fuscus</i>	hF, t				Sjeldan streifgjest. Hekkar m a fast i Fitjarøyane.
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	hF, t, v				Næringsøk. Er elles relativ vanleg hekkefugl på Stordøya.
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	hF				Fåtalig hekkefugl i Fitjar.
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	t				Sjeldan trekk-streifgjest. Næraste kjente hekkested er Leirvik, Stord.
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	hF, t, v				Streifgjest og næringssøk.
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	hF		VU		Fåtalig hekkefugl i naturprega lauv-og blandingskog i Fitjar.
Sandsvale*	<i>Riparia riparia</i>	t				Sporadisk streif - og trekkjest.
Lávesvale*	<i>Hirundo rustica</i>	hF		NT		Hekkar i tilgrensende jordbruksområde. Rimbareidtjørna utgjer viktig næringssområde.
Taksvale	<i>Delichon urbicum</i>	hF				Sannsynleg fåtalig hekkefugl i nærområda. 3 ind obs 24.08.2009
Songlerke*	<i>Alauda arvensis</i>	s		NT		3 syngande ind. obs 1978. Ikjé observert dei siste åra.
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	hF, t				Trekk og næringssøk i reservatet. Vanleg hekkefugl i llynghøi og kulturlandskap i Fitjar.
Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	hF				Trekk og næringssøk i reservatet. Vanleg hekkefugl i skog i Fitjar.
Linerle*	<i>Motacilla alba</i>	hF, t				Trekk og næringssøk i reservatet. Vanleg hekkefugl i kulturlandskap og langs vassdrag.
Fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	v				Fåtalig vinterstid i resevatenet. 1 ind obs 23.02.2009 i utløpsbekken.
Gjerdesmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	H, V	2			Vanleg hekkefugl i skog med rik undervegetasjon. Overvintrar.
Jernspurv	<i>Prunella modularis</i>	h, t, v				Mogleg hekkefugl, elles vanleg hekkefugl i resten av kommunen. Overvintrar.
Raudstrupe	<i>Erythacus rubecula</i>	H, T, V	2			Vanleg hekkefugl og overvintrande.
Buskvett*	<i>Saxicola rubetra</i>	hF, T				Relativ regelbunden trekk- og streifgjest.
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	s, t		NT		Relativ sjeldan trekk- og streifgjest.
Svartrast	<i>Turdus merula</i>	H, T, V	1			Vanleg hekkefugl og overvintrande.
Grátrast	<i>Turdus pilaris</i>	h, T, v				Sannsynleg vanleg hekkefugl. Overvintrar gjerne.
Máltrast	<i>Turdus philomelus</i>	hF, T, v				Vanleg hekkefugl i Fitjar. Kan overvintre.
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	hF, t, v				Vanleg hekkefugl i Fitjar. Rastar gjerne på tilgrensande dyrkemark (makstal 100 ind.).
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	h		VU		Syngande individ nesten árlig hørt i hekketida. Mogleg fåtalig hekkefugl.
Sivsongar*	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	H	3		P	Regelbunden hekkefugl og prioritert art. Avhengig av rik tilgang på insekt som næring.
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	h	1			Sannsynleg hekkefugl. Eit syngande individ registrert 09.06.2009
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	H	1			Relativ vanleg hekkefugl i Fitjar. Knytt til rik lauvskog og kantskog. Kan overvintre.
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	H	1			Realliv vanleg hekkefugl i Fitjar.
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	H	3			Talrik hekkefugl i Fitjar.
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	hF				Vanleg hekkefugl i Fitjar.
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	hF				Vanleg hekkefugl i Fitjar.
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	hF				Truleg fåtalig hekkefugl i Fitjar.
Kjöttmeis	<i>Parus major</i>	hF				Vanleg hekkefugl i Fitjar.
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	s				Sporadisk streif - og trekkjest.
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	hF				Realliv vanleg hekkefugl knytt til eldre lauvskog og blandingskog i Fitjar.
Skjor	<i>Pica pica</i>	hF				Vanleg hekkefugl i Fitjar.
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	s				Sjeldan streifgjest.
Kråke	<i>Corvus corone</i>	hF, V				Relativ vanleg hekkefugl i Fitjar.
Ramn	<i>Corvus corax</i>	hF				Fåtalig hekkefugl i Fitjar.
Stare*	<i>Sturnus vulgaris</i>	hF		NT		Hekkar og rastar i tilgrensende jordbruksområde

Art		Status	Tal par	Raudliste	Pri. art	Merknad
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	hF				Reeltiv vanleg hekkefugl i bustadområde og kulturlandskap.
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	hF				Vanleg hekkefugl i skog.
Grønnfink	<i>Carduelis chloris</i>	T, V				Regelbunden streif- og vintergjest.
Tornirisk	<i>Carduelis cannabina</i>	s				Sporadisk streif- og trekkgjest.
Brunsisik	<i>Carduelis flammea</i>	s				Sporadisk streif- og trekkgjest.
Gråsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	s				Sporadisk streif- og trekkgjest.
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	s				Sporadisk streif- og trekkgjest.
Dompap	<i>PyrrhFla pyrrhFla</i>	s				Sporadisk streif- og trekkgjest.
Sivsporv	<i>Embiriza schoeniclus</i>	H	2-3		P	Hekkefugl og prioritert art for reservatet. Arten har særleg preferanse for våtmark.
Gulsporv*	<i>Emberiza citrinella</i>	s				Sjeldan, men truleg relativ vanleg hekkefugl i kulturlandskapet tidligare.

88

21

15

## Vedlegg 5

### Bilete frå skjøtseltiltak i Rimbareidtjørna naturreservat 2009

Forvaltingsplanen vart vedteken 17. august 2009, og allereie den 20. august var ein i gong med skjøtseltiltaket. Ein har halde på med skjøtselarbeidet i omlag 3 veker.



Delar av tiltaksområdet før gjennomføring...



...og etterpå.



"Inntaket" til utløpsbekken før skjøtseltiltak...



...og etterå.



Graving av mindre dammar i sørenden for å skape ein større våtmarksmosaikk.



Grunneigar Einar Tislevoll sørger for rydding og fjerning av massar levert til "fastlandet".



Amfibiekøyretøya til Amfibie Service AS frå Arendal



Arbeid tidleg i prosjektet.



